

# ÅRSMELDING 2019 FOR BONDEUNGDOMSLAGET

ÅRSMELDING 2019 FOR BONDEUNGDOMSLAGET.....	1
1. Innleiing.....	1
2. Generelt.....	1
2.1 Medlemstal.....	1
2.2. Lagsstyret.....	2
3. Eigedomar, drift og utleige.....	2
4. Økonomi og forretningsdrift.....	4
5. Kulturaktivitetane.....	5
5.1 Nynorskens hus.....	5
5.2 Særlaga.....	6
5.3 Faste tilskipingar.....	7
7. Informasjonsarbeid.....	8
8. Målarbeid.....	8
9. Tilsette på lagskontoret.....	11

## 1. Innleiing

2019 var prega av stor aktivitet i heile laget. Med nesten 650 medlemmer, fire aktivitetsgreiner, to hytter eit kulturhus og forretningsverksmed er det mykje som skjer. Hovudlaget har i 2019 brukt mykje tid på å få på plass administrative rutinar og nytt økonomisystem, og også arbeidd med informasjon gjennom nyheitsbrev og sosiale media.



## 2. Generelt

### 2.1 Medlemstal

Laget har hatt ein nedgang i medlemstal i siste åra. Dette er spesielt prega av endring i IL. Dei andre særlaga har eit relativt stabilt medlemstal. 2/3 av medlemmene er med i IL, og om lag ein fjerdedel er med i Leikarringen. Det er ei ganske jamn kjønnsfordeling. 55% av medlemmene er under 30 år og 75% er under 50 år.

MEDLEMSTAL*	Pr. 31.12.2019	Pr. 31.12.2018	Pr. 31.12.2017	Pr. 31.12.2016	Pr. 31.12.2015
<b>BUL</b>	<b>639</b>	<b>677</b>	<b>701</b>	<b>716</b>	<b>812</b>
Av desse:					
Idrottslaget	393	429	452	457	537
Leikarringen	144	128	123	135	150
Songlaget	30	33	37	39	36
Teaterlaget	21	24	22	27	23
Ikkje med i særlag	51	63	67	61	66

\*Medlemer som har betalt kontingent i løpet av året og som står som medlemmer ved årsskiftet



## 2.2. Lagsstyret

Etter årsmøtet 20. mars 2019 var dette lagsstyret:

Leiar	Terje Svindseth
Nestleiar	Julie Farseth Berg
Styremedlem	Gunnvald Grønvik
Styremedlem	Olav-Johan Øye
Styremedlem	Heidrun Sølna Øverby
1. varamedlem	Anne Cathrine Johansen
2. varamedlem	Heidi Gunnhildberget Einarsrud
3. varamedlem	Øystein Grønmyr

I 2019 har lagsstyret hatt 11 møte. Leiar eller nestleiar har leia møta. Lagsstyret har handsama 109 saker. Varamedlemene vart kalla inn til alle møta. For å sikra framdrift mellom styremøta og for å halda jamleg kontakt med administrasjonen, har lagsstyret organisert eit arbeidsutval (AU) med leiar og nestleiar. I tillegg har leiar hatt fleire møte med administrasjonen. Saker til styremøtet vert førebudde i samarbeid mellom lagsleiar/AU og administrasjonen.

## 3. Eigedomar, drift og utleige

### Lagslokala

I Teatersalen har vi i 2019 fått slipt og lakka golvet. Vi har òg fått montert akustikkgardin i heile salen. Dette hjelper godt for teater og aktiviteter som inkluderer prating i mikrofon. Det blei kjøpt inn

rekkeverk til plattingane slik at vi tek vare på HMT (Helse, miljø og tryggleik) for publikum, tilsette og medlemmer. Heilt på tampen av året, kjøpte vi inn svarte dansematter som både kan brukast for å skåne golvet samtidig som det gjer det mogleg å skape eit heilt svart rom for framsyningsføremål. Alt dette kjem godt med både til interne og eksterne arrangement. Det er også kjøpt inn nye lyskastarar og nytt lysbord.

Under dugnaden i august fekk vi rydda i lagerromma, og dermed fekk vi starta opp oppussinga av betre oppbevaringsrom for særлага. Nytt kostymelager for Teaterlaget vart ferdigstilt.

I august var det vasslekkasje på huset. Dette gjekk utover Lagsrommet der vi måtte skifte golv. Dette gjorde at Lagsrommet vart ståande ubrukt til det var tilbake i drift i oktober/november med nytt golv, som er enno betre til dansing enn det som låg der frå før. Utsiftinga vart dekt av forsikringa til Bøndenes Hus AS. I desember vart det montert ny oppvaskmaskin, sidan den gamle ikkje fungerte lenger.

I 2019 er det hengt opp bilete frå aktivitetar i særлага og hyttene på lagskontoret. Dette viser godt breidda i aktiviteten i laget. Elles er trivselen framleis høg.

## **Hyttene**

### **Røkleivhytta**

Som dei siste åra, har 2019 vore prega av stor utleigeaktivitet, først og fremst til organisasjonar utanfor BUL. Hytta har hatt over 630 gjester som har overnatta i 62 døgn, og over 1.100 gjestedøgn. Det seier seg sjølv at Hyttestyret har hatt det travelt når hytta skal synfarast etter kvar utleige. Men det har vore ei glede å erfare at i 2019 har leigetakarane vore eksemplariske med god opprydding etter seg.

Etter mange års vedlikehaldsetterslep på Røkleivhytta, både utvendig og innadørs, fekk Hyttestyret i 2017 ein tilstandsrapport frå firmaet Opak der det vart peika på både lovpålagde manglar og råd om oppgradering og vedlikehald. Sjølv om ikkje alle forslaga frå Opak har kunna blitt følgt opp i 2019 heller, er hytta i mål når det gjeld prioriterte oppgåver som branntryggleik, alarmanlegg og total rehabilitering av det elektriske anlegget, som også kan fjernstyrast.

Når det gjeld oppgradering av hytta elles, skal det først og fremst nemnast utskifting av tre vindauge for soveromma mot nord, vinterisolert kjellardør og nytt kjellarvindauga. Isolasjonseffekten er stor. Utskifting av innerdør, måling av trappegang blei også ferdigstilt i 2019. Hyttestyret har dessutan fått installert ny oppvaskmaskin til hytta, og ny sofagruppe til peisestova kjem på plass i februar 2020.

Hyttestyret har i 2019 lukkast med å få til eit godt samarbeid med Bymiljøetaten når det gjeld utbetring av traktorvegen frå Hyttli til hytta. Dei har fått løyve til å felle tre og fyllte steinmasse til dei myrkulpane som har vore problematiske å kome forbi med traktor og ATV. Hyttestyret har også fått god kontakt med mannskapet som driftar Wyllerløypa, og dei har sagt seg villige til å køyre den steinmassen vi har behov for.

Det mest gledelege er at Transportavdelinga hos Bymiljøetaten har stilt seg til disposisjon med ATV for transport tyngre gods frå Sørkedalen til hytta! Det er såleis Bymiljøetaten som har stått for transporten av oppvaskmaskin, sofagruppe og all byggematerial vinteren 2019/2020.

Styret har i 2019 hatt desse medlemmane:

Tormod Bønes (leiar)

Olaf Allmenningen

Sveinung Helgheim

Gudrunn Folkedal

## **Bondehytta**

Det største som har hendt på Bondehytta i år er bygging av ny toalett-løysning. I staden for den gamle ordninga med bøtter som måtte tømmast av dei som lånte hytta etter kvart besøk, blir det no to snurredassar med mykje større kapasitet, som kan tømmast på dugnad om lag ein gong i året. Hyttestyret håpar og trur at dette vil gjere det meir attraktivt å låne eller leige hytta. På grunn av arbeidet og at dei ikkje visste når dette kom i gang, har hytta vore stengt for utleige i haust. I skrivande stund (30. januar 2020) går arbeidet mot slutten, og vi håper at alt er klart i løpet av februar månad.

På eit av soveromma har tre køyesenger blitt erstatta av to familiekøyer (dobbeltseng nede og enkelt seng oppe). Talet på soveplassar er det same, men rommet ser ryddigare ut med meir golvplass.

Det har også blitt kjøpt inn utstyr for «ring-hytta-varm» til veslestova. Det vil bli montert etter at elektrikar får montert ny stikkontakt. I september slutta den elektriske vasspumpe å fungere og måtte difor bytast ut.

Det var to BUL-arrangement på hytta i 2019: Sommarfest med grilling i regi av hyttestyret i juni, og hytteteik i regi av Leikarringen i august.

Det har vore tre ordinære dugnadshelger i 2019, samt nokre dagsverk i samband med innkjøp av utstyr, bytte av vasspumpe og riving av dei gamle toalettbåsane.

Styret har i 2019 hatt desse medlemene:

Øystein Gammersvik (leiar)  
Rune Bergwitz  
Astrid Skrindo  
Anne Cathrine Johansen  
Klas Ekeland

## **Utleige**

Teatersalen og lagsrommet: Begge lokala har vore mykje utleigde ved ledig kapasitet, og vi har hatt ekstern utleige for NOK 398.000 i 2019.

Kontorlokala: Deler av lokala i 2. etasje, som BUL leiger av Bøndernes Hus AS, er leigd tilbake til Bøndernes Hus AS for NOK 251.568 for 2019.

Den mangfaldige scenen AS har øvingar og administrasjon hos BUL og betaler husleige for dette, totalt NOK 222.000 for 2019.

## **4. Økonomi og forretningsdrift**

Laget hadde i 2019 inntekter på nær 2,4 mill. kroner før renteinntekter og kostnader på nær 8,3 mill. kroner. Renteinntekter frå Bøndernes Hus AS (BHAS) var på om lag 1,5 mill. kroner. Underskotet i lagsrekneskapen vart dekt inn ved at BHAS betalte ned lånet. Likviditetsuttaket frå BHAS var 4 mill. kr i 2019 til BUL. Laget har hatt god likviditet gjennom 2019.

BUL søkte om kulturhusmidlar i samband med oppussinga nede i 2009. Restbeløpet av tilskotet blir uttbetalt etter at ferdigattest er levert. Laget fekk difor ei utbetaling på kr 2,5 million i starten av året. Dette gjorde at vi kunne gjere nokre større investeringar i blant anna akustikkgardin til Teatersalen og hyttetoalett.

Laget tok i bruk økonomisystemet Xledger i 2019. Dette er det same systemet som IL har hatt i fleire år. Det var ein trong oppstart både for systemet og nytt rekneskapskontoret, men bruken er vidareutvikla gjennom året og er no stabil. Alle økonomiansvarlege i særlega har fått opplæring. Oppfølging av reknekap og revisjon har vore utfordrande for ny dagleg leiar. Nytt økonomisystem vil gjere begge delar mykje lettare framover.

Bøndenes Hus AS (BHAS) med forretningane Hotell Bondeheimen, Kaffistova og Heimen Husfliden er den viktigaste inntektskjelda for laget.

Etter godkjenning på årsmøtet i laget i 2019, er det innført permanent alkoholservering. I løpet av 2019 blei 19 rom og korridorar i 6. og 7. etasje pussa opp, resepsjonen, to nye publikumsheisar og damegarderobe pussa opp. Det blei òg etablert trimrom.

## **5. Kulturaktivitetane**

### **5.1 Nynorskens hus**

Nynorskens hus har hatt 2 hovudsatsingar som, legg særleg vekt på språket: *Fossefestivalen* fann stad 6-15. september, og *Ein dag i Nynorskens hus*, som starta opp med utvikling og prøver i slutten av 2019, og med premiere 13. januar 2020.

I løpet av *Fossefestivalen* gjennomførte Nynorskens hus i samarbeid med mellom anna Songlaget, Leikarringen, Teaterlaget, Den mangfaldige scenen, Kaffistova, Det Norske Jentekor, Det Norske Teatret og Oslo Domkykje 23 produksjonar, med over 500 publikummarar. Det var 3 urframføringar..

*Ein dag i Nynorskens hus* er ei vandreframsyning om språkhistoria og kulturen i huset og er laga for barn på 6. trinn for Den kulturelle skulesekken. Framsyninga er utvikla i samarbeid med Norsk Målungdom og Den mangfaldige scenen, og er planlagt vist for til saman om lag 900 elevar i perioden 2020-2022. Forteljarane kjem frå Teaterlaget og Den mangfaldige scenen. Kjersti Alm Eriksen har scenografien som kler heile huset.

Nynorskens hus har i samarbeid med Samlaget og vennelaget Samlagsrota hatt to bokpresentasjonar i Kaffistova: Ragnar Hovland og Oskar Stein Bjørlykke.

Det er lagt eit grunnlag for eit sterkare samarbeid med Vestland fylke og særleg gjennom bidrag/faglege råd til oppretting av Jakob Sande - eit senter for forteljekunst i Fjaler. Liv Hege Skagestad har vore kunstnarleg ansvarleg og prosjektleiar for arbeidet med Nynorskens hus.

Nynorskens hus har også vore leigd ut til ein rekke kulturarrangement; mellom anna Brahms På 123, der vi har bidratt med eit godt språk i programheftet.

Det er gjennomført ei evaluering av arbeidet i Nynorskens hus, som opna i 2014. Namnet fekk vi av Jon Fosse. I perioden har vi hatt over 660 framsyningar innan teater, musikk, dans, litteratur, design og ulike type debattar. Omlag 71.000 publikum har sett produksjonane, av desse er 70-80 prosent vist utanfor huset (mellom anna som turne med *Norwegian Folk* og *Pavlovs tisper*). Produksjonane har blitt skapt i møte mellom profesjonelle og amatørar og nærskylde organisasjonar utanfor og innanfor huset. Huset blir i aukande grad opplevd som ein heim for stadig nye innflyttarar til byen, ein stad å uttrykke seg på tvers av alder og bakgrunn. Nynorskens hus er også i ferd med å bli ein merkevare, og med oppgraderinga, attraktiv å leige. Utfordringa vidare er å sikre at vi lever opp til namnet Nynorskens hus ved å vidareføre ei satsing på språk, styrke dialogen med særlega og nærskylde miljø,

ta Kaffistova meir i bruk som kulturarena, å skaffe ekstern økonomisk støtte særleg med vekt på å formidle det nynorske språket.

Den mangfaldige scenen har i 2019 hatt over 300 aktive barn og unge frå alle miljø i vekentlege kurs og 91 framsyningar for over 6.000 publikum. Dei største produksjonane har vore under *Fosse-festivalen* og Indisk/norsk folkedans, *Dustefjerten* av Rune Belsvik og *Gullfebla* som no er med i Den kulturelle skulesekken. Ei utfordring vidare er å få til ei auke av den offentlege støtta til DMS slik at organisasjonen blir meir robust og kvaliteten bli helde på høgt nivå.

## 5.2 Særлага

**Songlaget** har i sitt 105. år hatt 36 medlemmer. I mars song dei under gudstjeneste i Slottskapellet og for bebuarane på St.Hanshaugen Omsorgssenter. Konseptet *Song i butikk* har tatt om seg. Heile 3 gonger har koret stilt opp i bunad og sunge for Heimen Husfliden og Backe i Grensen. Dette er gjeve oppdrag der koret er synleg for omverda og som gir penger i kassa. 17. mai deltok koret som vanleg på Brusteinballet. Årets kortur gjekk til Elverum der Songlaget deltok på Korslaget saman med 8 andre lokale kor. Publikum stemde Songlaget fram til ein sterk tredje plass. Sumarkonserten blei halden på Kroloftet på Frysja. I samanheng med Jon Fosse-jubileet fekk koret komponert ein song over Fosses tekst *Auge i vind*. Denne har blitt framført fleire gonger, til dømes under Fosse-gudstjenesten i domkyrkja i Oslo, under danseframføringa *Minutt til solnedgang* i Nynorskens hus og til Leikarringens hundreårsjubileum Åremålsleik. Songen *Auge i vind* er skriven av Liv Ulvik og er ei gåve frå BUL. Koråret vart avslutta med ein stemningsfull julekonsert i Gamle Aker kirke. Koret sin tidlegare dirigent Vegar Sandholt spelte orgel, piano og klokkespel. Songlaget søker songarar og oppmodar difor alle medlemmer i BUL, særleg menn med sans for korsong og folketonar frå inn og utland, til å melda seg.

**Leikarringen** feira i 100-årsjubileum i 2019. Det gjorde dei med åtte arrangement jamt fordelt gjennom året. Feiringa fekk namnet *Hundreleik* og delarrangementa *Sleppeleik* (2018), *Storleik*, *Mimreleik*, *Hurraleik*, *Småleik*, *Hyttleik*, *Jubelleik* og *Åremålsleik*.

På alle arrangementa var det god deltaking av både medlemmer og vener av ringen. Utover sjølve jubileet har Leikarringen halde fram med jamne øvingar både for tysdagar, Søndansen, BULder og Brak, og den nystarta barnegruppa TrøBUL. Medlemstalet i Leikarringen tel 144 ved inngangen til 2020.

**Idrottslaget** arrangerte Asics Sentrumsløpet på ein god måte og solid deltakarrekord med totalt 12.500 påmeldte for alle distansar. Laget har arrangert Bislett Games i samarbeid med IK Tjalve og SK Vidar, Friidrettskulen på Bislett Stadion og Julestemne i Bærum Idrettspark. Treningane går sin vande gang på ærverdige Bislett Stadion og IL har ca 370 aktive medlemmer. Det er fortsatt stor pågang og dei har venteliste på barnegruppene. IL har totalt 6 barnegrupper frå 2005-2014 som har treningar på mandagar og onsdagar. BVT-gruppa har treningane sine på Nordpolen skule med fotball og handball.

Idrottslaget har mykje å sjå fram til i komande sesong, der de kan følge spanande ungdommar og utøvarar.

Nokre av høgdepunkta på idrettsbana:

- Lene Retzius sette norsk rekord i stav med sterke 4,51, og representerte Noreg under friidretts-VM i Doha, Qatar. Her deltok også vår sterke maratonløpar Weldu Negash Gebretsadik.
- I NM på Hamar blei det tre gull til BUL. Gullmedaljørane var Sigrid Jervell Våg på 1500 meter, Isabelle Pedersen på 100 meter hekk og Lene Retzius i stav.

- Damelaget blei nummer to i Holmenkollstafetten, bak IK Tjalve.
- Heidi Weng hadde ikkje sin aller beste sesong i langrennsløypa, men blei likevel nummer 16 samanlagt i World Cup og nummer 7 i Tour de Ski.

**Teaterlaget** har i 2019 hatt to framsyningar. Laurdag 8. juni var det premiere på *Jorda rundt på 80 dagar*, ei framsyning basert på Jules Verne sin klassikar. Instruktør var Pia Louise Edvardsen. Det vart spelt fem framsyningar. Laurdag 7. desember var det premiere på *Ei Julesoge*, etter Charles Dickens si kjende novelle. Regi var ved Truls Toftnes og det blei spelt fem framsyningar.

Teaterlaget kom i 2019 på 1. plass i NU si nasjonale spørjetevling *Kven veit*. Økonomien til Teaterlaget er etter fleire år med underskot i balanse. Dette skuldast mellom anna ei auke i særslagstøtta frå BUL og stønad frå Kulturrådet si nye ordning for tilskot til amatørteater.

### Prosjektilskot

Lagsstyret har oppretta ei ordning der særлага kunne søke på prosjektilskot. I 2019 er det delt ut kr 25.000 til Idrottslaget til inkluderingstiltak, ei ordning for å gi utstyr- og reisetilskot til dei som ikkje har god råd. Teaterlaget fekk kr 20.000 i tilskot til kurs og til nye kulissar. Songlaget fekk reisetilskot til kortur til Elverum.

Leikarringen fekk kr 30.000 i jubileumsgåve.

Lagsstyret vil takke særлага for all aktivitet, tilskipingar, framsyningar og styrearbeid, og for samarbeidet i året som har gått.

Vi viser elles til årsmeldingane frå særlag og nemnder.

### 5.3 Faste tilskipingar

17. mai: Som vanleg starta dagen med markering ved Aasen-bautaen på Vår Frelsers gravlund. Leikarringen tok ansvar for Brusteiinsballet på Universitetsplassen kl. 18.14-20.00. Songlaget opna ballet, og deretter leia Vegar Vårdal, Bjørn Kåre Bråten Odde, Linn Andrea Fuglseth, Olav Christer Rossebø og Åsmund Reistad dansen for dei mange frammøtte. Det vart ikkje arrangert feststund i 2019. Vi har sett minkande interesse for arrangementet, og har vurdert om vi kan gjere dette på andre måtar, men styret konkluderte med at det ikkje let seg gjere.

11. desember var det julegraut. Det møtte om lag 130 medlemmer, dei fleste av dei barn og unge frå Idrottslaget. Det var i år, som i fjor, kviss ved styreleiar i Idrottslaget og allsong. I tillegg fekk vi besøk av julenissen som fekk med seg borna i allsong, og delte ut godteposar til alle.

### 6. Andre aktivitetar

BUL har hatt utsendingar på landsmøtet i Noregs Ungdomslag, og vore representert på årsmøta/generalforsamlingane til Bygdelagssamskipnaden, Det Norske Teatret, Dag og Tid, Den mangfaldige scenen AS og årsmøtet og rådsmøtet til Norsk Barneblad. BUL er godt representert i Målpolitisk råd på Det Norske Teatret.

Regjeringa arbeider med framlegg til regionalisering av tilskot til kulturinstitusjonar. Til liks med Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag har BUL sendt inn ein uttale til Kulturdepartementet, der vi seier at Det Norske Teatret framleis bør få heile tilskotet frå Kulturdepartementet.

## 7. Informasjonsarbeid

Heimesida (alle sider) har til saman hatt 66.019 sidevisingar i 2019. Dette er totalen av alle gonger nokon har trykt seg inn på ei side. Her er topp 10:

<b>Framsida</b>	<b>9326</b>
<b>/idrottslaget/</b>	<b>6197</b>
<b>/leikarringen/</b>	<b>3963</b>
<b>/idrottslaget/friidrett/</b>	<b>3832</b>
<b>/velkomen-til-il-i-buls-julestemne-30-november</b>	<b>2242</b>
<b>/idrottslaget/friidrett/barn/</b>	<b>2034</b>
<b>/idrottslaget/friidrett/ungdom/</b>	<b>1327</b>
<b>/bondeungdomslaget-i-oslo/om-bul/</b>	<b>1226</b>
<b>/leikarringen/kalender-leikarringen/</b>	<b>1020</b>
<b>/bondeungdomslaget-i-oslo/om-bul/bli-med/</b>	<b>973</b>

Det har jamt vorte publisert informasjon på laget sine Facebook-sider. På BUL si side har vi hovudsakleg delt saker frå særлага og BUL-arrangement. I tillegg har vi hatt ein julekalender med postar på adventssøndagane. Her kunne medlemer og andre vinne teaterbilletter, billetter til julekonserten til Songlaget, eit flott sjal vi hadde fått sponsa av Heimen Husfliden, og siste søndag før jul var premien ein lunsj for to på Kaffistova. Denne var sponsa av Kaffistova. BUL si Facebookside hadde ein oppgang frå 471 til 537 følgjarar i løpet av 2019.

På Nynorskens hus si Facebook-side har vi hovudsakleg delt arrangement som skulle finne stad i Nynorskens hus. I tillegg hadde vi eit videoprojekt i sommar i samband med Fosse-festivalen. Vi la ut 18 videoar av folk som les og snakkar om Jon Fosse. Nynorskens hus hadde oppgang frå 753 til 979 følgjarar i 2019. Nynorskens hus opna også ein Instagram-konto i juni, som ved årsskifte hadde om lag 150 følgjarar. Her har vi lagt ut 18 innlegg frå forskjellige hendingar på huset.

Vi har sendt ut fire nyheitsbrev i 2019: i februar, mai, september og november. Nyheitsbrev skal vere til dei som ynskjer å følgje aktiviteten i laget, utover naudsynt informasjon. Det er difor mogleg som medlem å melde seg av nyheitsbrevet, og mogleg for folk som ikkje er medlemmer å melde seg på.

	feb.19	mai.19	sep.19	nov.19
Sendt til	614	704	746	771
Opna	350	367	284	294

Vi bestemte å gjere det på denne måten etter innføringa av GDPR for å følgje regelverket som legg vekt på at folk sjølv skal få betre kontroll over kva informasjon dei ynskjer. Vi har likevel sendt ut all viktig informasjon om laget til alle medlemmer via Styreweb

## 8. Målarbeid

Målarbeidet har først og fremst vore knytt til laget sine aktivitetar, og målnemnda har stått for mykje av aktiviteten. Fylkesmållaget Vikværingen har vore ein viktig samarbeidspartnar.



BUL har satsa vidare på Nynorskens hus, og tilskippingar og tiltak her har gitt målarbeidet eit løft, og gjort målarbeidet viktigare i laget. Et prosjekt som «Ein dag i nynorskens hus» ville ikkje ha vore mogeleg for nokre år sidan.

Målnemnda har skipa til kulturkveld om Alf Prøysen i Nynorskens hus før sommaren og på huasten hadde dei ei tilskipping om språk med filolog Kristin Fridtun. Nemnda har også vore medtilskipar for Norsk målstemna og Nynorsk motivasjonsdag for lærarar.

Nynorsk har vore brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sider i laget.

Særlaga vert framleis oppmoda om å bruke nynorske tekster når stykke og repertoar vert valt, og i kommunikasjon elles.

### Kva vi ville få til og kva vi fekk til i 2019

I handlingsplanen *Ein heim* skriv vi kva vi ønskjer å oppnå i komande året. Kva fekk vi til i 2019? Her listar vi opp dei tiltaka som gjeld hovudlaget.

Medlemsorganisasjonen	
Dette planla vi	Dette fekk vi til
Nytt økonomisystem	Innført, men det var ikkje knirkefritt
Liste over medlemsfordelar	Blir lagt fram på årsmøtet 2020
Tiltak for fleire medlemmer	Ikkje gjennomført
Utarbeide kommunikasjonsplan og årshjul	Delvis gjennomført. Sendt ut nyheitsbrev og lagt ut mykje på Facebook. Fått Instagram for Nynorskens hus. Utvikla nettsida noko
Tydelegare kven vi er og kva vi driv med	Fått laga ein banner med særlagslogoar, og ein banner for Brusteinsballet
Laget skal lage ein digital strategi	Ikkje gjennomført, men administrasjonen har tatt i bruk Office 360 og Teams. Alle særlag har fått @bul.no-adresser

Aktivitatar	
Dette planla vi	Dette fekk vi til
Hovudlaget skal ta initiativ til arrangement, og sette i gang arbeid med aktivitatar som er tenlege for heile laget. Vi skal også sørge gode og trygge rammer for aktiviteten til laget.	Administrert Brusteinsball 17. mai og organisert julegraut. Kjøpt inn nytt utstyr til Teatersalen. Gjennomført HMT-tiltak. Starta oppussing av lager

Nynorskens hus	
Dette planla vi	Dette fekk vi til
Skal utvikle innhald og program til «Ein dag i Nynorskens hus» i samband med den kulturelle skulesekken.	Gjennomført. Premiere i januar 2020
skal vere arena for og bidra til programmet under Jon Fosse-festivalen i september	Gjennomført
samarbeide med andre nynorsk miljø om arrangement	Samarbeidd med Samlaget/Samlagsrota, Norsk Målungdom, Det Norske Teatret, Hordaland

	Teater, Den mangfoldige scenen, Kringkastingsringen
Skal jobbe med utvikling av andre typar arrangement, som t.d. å vere ein nøytral stad for politisk debatt, stand-up, konsertar, boklanseringar og debattar	Gjennomført boklanseringar, konsertar og debattar.
Skal ha lansering av haustprogram: 19. august	Ikkje gjennomført
evaluere Nynorskens hus. Ressursbruk, innhald og arrangement, økonomi, namnebruk og korleis det støttar opp om BUL som organisasjon.	Gjennomført.

<b>Eigedom og forretningsdrift</b>	
<b>Dette planla vi</b>	<b>Dette fekk vi til</b>
Sikre attraktive lokaler ved å halde lagslokala og teknisk utstyr godt ved like.	Vi har kjøpt inn nye lyskastarar og nytt lysbord. Teknisk ansvarleg Jøran Normann sørger for oppfølging og vedlikehald av utstyret. Lagsrommet fekk nytt golv etter vasslekasje
Henge opp teppe/gardin i Teatersalen for å betre akustikken	Gjennomført
Vedlikehalde golvet i Teatersalen	Gjennomført. Golvet er lakka og slipt for første gong sidan det vart lagt i 2000.
Vurdere omfang og pusse opp lagerområde	Starta opp. Eit rom er pussa opp.
Lage ein langsiktig vedlikehalds- og investeringsplan	Ikkje gjennomført
Gjennomføre og informere om HMT-tiltak	Kjøpt inn HMT-utstyr til sceneplattningar og til bruk i stige.
Arbeide med utvikling av utleige utan at det går utover aktiviteten til særлага.	Vi leigar ikkje lenger ut til eksterne på vekedagar
Samarbeide med forretningane om eit prosjekt om «frukostmøter».	Ikkje aktuelt å gjennomføre for laget. Ev. kommersiell utleige vil vere opp til BHAS.
Laget skal vere ein god og aktiv eigar av Bøndenes Hus AS for å sikre god avkasting på den investerte kapitalen i forretningsverksemda og ei stabil inntekt til laget.	Laget for jamnleg oppdatering om stoda i BHAS i rådsmøta. Vi har ei etablert ordning for fastsetting av renter på låna til BHAS. Laget finansierer no drifta gjennom renteinntekter og aksjeutbytte. Det er etablert ein handlingsregel for uttak, som vi vurderer innhaldet i og praktiseringa av.

<b>Samarbeid</b>	
<b>Dette planla vi</b>	<b>Dette fekk vi til</b>
Laget skal vere aktivt i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, nasjonalt og på fylkesnivå.	BUL var representert på landsmøtet i NU. Lagsleiaren er organisatorisk nestleiar i styret i Noregs Ungdomslag. BUL-medlem Jon Låte er leiar i fylkesmållaget Vikværingen.

Laget skal vere ein god og aktiv deleigar i LL Det Norske Teatret og Den mangfaldige scenen AS og bidra til vidareutvikling av verksemdene.	BUL har 10 utsendingar til generalforsamlinga til DNT, og markeres seg på dette møtet. Det sit fleire BUL-medlemmer i Målpolitisk råd på teateret. BUL er representert i styret i DMS.
Som ein av stiftarorganisasjonane skal laget følgje opp Norsk Barneblad og Dag og Tid.	Vi er representert i rådet i Norsk Barneblad og møter på generalforsamlinga i Dag og Tid
Laget skal vere vert for møte i Nynorsk forum i februar.	Gjennomført.

## 9. Tilsette på lagskontoret

- Øystein Bagle-Tennebø, dagleg leiar, 100 %-stilling
- Liv Hege Skagestad, plan- og utviklingsansvarleg, 100 %-stilling (50 % permisjon for å jobbe i DMS)
- Kari Velure, organisasjonskonsulent, 80 %-stilling
- Jøran Normann, ansvarleg for utleige/sal/teknikk, 50 %-stilling, utleigd 7,5t vekentleg til BLS
- Kristoffer Nilsen, dagleg leiar Idrottslaget, 100 %-stilling (slutta 15. januar)
- Eirik Tanberg, dagleg leiar Idrottslaget, 100 %-stilling (frå 15. januar)
- Simen Wifstad, Administrasjon- og arrangementsansvarleg Idrottslaget, 100 %-stilling (starta 5. februar)

Det har ikkje vore ulukker eller skadetilfelle i 2019. Sjukefråveret er lågt. Laget som arbeidsgjevar er bunde av *Landsoverenskomsten for virksomheter mellom Virke og arbeidstakarorganisasjonane*.

## 10. Tilskipingar i 2019

Denne lista viser tilskipingar i regi av BUL med særslag, arrangement der særslaga har vore med, og andre arrangement i Nynorskens hus.

Tilskipingar i **utheva skrift** er i regi av BUL, i *kursiv* er arrangement der BUL har vore med.

### Januar

5. **Storleik/Hundreleik, Oslo Ladegård (Leikarringen)**

### Februar

13. Liggekonsert med Slagr

2-3. *NM innandørs i Haugesund (Idrottslaget)*

### Mars

27. **Prøysenkveld (Målnemnda)**

26. **Mimreleik/Hundreleik (Leikarringen)**

15. Liggekonsert med Slagr

### April

27.-28. *Underhaldning på Landsmøtet til Noregs Ungdomslag (Teaterlaget og Leikarringen)*

27. **Asics Sentrumsløpet 2019, Idrottslaget**

9. **Lønningspols**

4. Bjørlykke i Nynorskens Hus, Samlagsrota

### Mai

25. Ensemble Ernst – Release

24. *Korslaget 2019 (Rådhuset Elverum) (Songlaget)*  
17. **Brusteinsball på Universitetsplassen, Leikarringen og Songlaget**  
17. **Hurraleik/Hundreleik (Leikarringen)**

#### Juni

- 26.-30. *Landskappleiken – Vågå 2019 (Leikarringen)*  
24.-28. **Friidrettskule (Idrottslaget)**  
22. *Fabrikkfest på Kroloftet (Songlaget)*  
21. **Småleik/Hundreleik, Apalløkka skule (Leikarringen)**  
15. *Krantz // Cikada Strykekvartett*  
13. **Bislett Games 2019, Idrottslaget er medarrangør gjennom Bislettalliansen**  
8.-4. **Jorda rundt på 80 dagar (Teaterlaget)**  
4. **Sommaravslutning for Leikarringen**

#### Juli

- 01.-05. **Friidrettskule (Idrottslaget)**

#### August

- 23.-25. *Jr.-NM i Sigdal (Idrottslaget)*  
23. **Hytteleik/Hundreleik (Leikarringen)**  
21. **Ryddedugnad R8**  
02.-04. *NM på Hamar (Idrottslaget)*

#### September

29. *Norsk Målstemn 2 på Litteraturhuset i Oslo. (Medtilskipar: målnemnda)*  
28. *Norsk Målstemna 1 på Litteraturhuset i Oslo. (Medtilskipar: målnemnda)*  
27.09-06.10 *VM i Doha (Idrottslaget)*  
18. **Språket er ei bukse. Kulturkveld med filolog Kristin Fridtun (kåseri) og spelemann Fredrik Hope (slåttar på fele). (Målnemnda)**  
6.-15. **Fosse i Nynorskens hus – Fossefestivalen 2019**  
15. *Folk les høgt frå Septologien (Kaffistova)*  
15. *Høgmesse på nynorsk (Oslo domkyrkje, ein del av Fossefestivalen)*

#### Oktober

26. **Jubelleik/Hundreleik (Leikarringen)**  
23. *Christian Wallumrød Ensemble med ny musikk på Nynorskens Hus!*  
23. *Hovland og Tokvam + Dei nye kapellanane (Kaffistova)*  
18. **Språket er ei bukse – Kristin Fridtun (Målnemnda)**  
16. *Nynorsk motivasjonsdag på Det Norske Teatret (Støttespelar: målnemnda)*  
8. **Lønningspols (Leikarringen)**

#### November

30. **Julestemne, Bærum idrettspark (Idrottslaget)**  
24. *Førjulsfest med UFO Og BULder og Brak*  
26. *Nynorsk i riksavisene? Faktisk? (Kaffistova)*  
16. *Oslokkappleiken 2019 (Leikarringen)*  
14. **Åremålsleik/Hundreleik (Leikarringen)**  
8. og 10. *Brahms på 123*  
9. *PowerSLAM XVII - Årets største wrestlingshow!*

#### Desember

7. -13. **Charles Dickens: Ei julesoge (Teaterlaget i BUL)**

8. **Julekonsert i Gamle Aker kyrkje (Songlaget)**
4. Liggekonsert med Slagr
3. **Juleavslutning (Leikarringen)**

## **11. Valde ombod i og for Bondeungdomslaget i 2019**

### **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag**

Mari Elise Haugen, Edvard Lauen, Endre Flatmo, Maria Austbø og Vivian Brattsti Sørensen.

### **Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden**

Julie Farseth Berg, Gunnvald Grønvik, Kåre Lilleholt, Arne Nordvi og Olav Kårevik

### **Årsmøtet i Vikværingen**

Ingen

### **Landsmøtet i Noregs Mållag**

Det var ikkje landsmøte i 2019.

### **Årsmøtet i Det Norske Teatret**

Heidi Einarsrud, Bergfinn Aabø, Vigdis Rønning, Vivian Sørensen, Ruth Amdahl, Håvard Thorsby, Maria Austbø, Olav Kårevik, Øystein Gammersvik, Anne Cathrine Johansen.

### **Årsmøtet i Dag og Tid**

Vigdis Rønning, Terje Svindseth, Olaf Allmenningen.

### **Styret i Norsk Barneblad (for 2 år)**

Styremedlem Maria Austbø, varamedlem Rune Bergwitz.

### **Rådet i Norsk Barneblad (for 2 år):**

Rådsmedlemer Vigdis Rønning og Gunnvald Grønvik.  
Varamedlemer: Arne Nordvi og Anne Cathrine Johansen.

### **Generalforsamling Den mangfaldige scenen AS**

Terje Svindseth

### **Personar/BUL medlemer valde til verv i nærskilde organisasjonar**

Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag**

Jon Låte, leiar i **Fylkesmållaget Vikværingen**.

Anne Farseth, visepresident i **Norges Friidrettsforbund**.

Følgjande BUL-medlemmer er med i **Målpolitisk råd** på **Det Norske Teatret** frå april 2019: Fredrik Hope, Eli Ulvestad, Jens Kihl, Terje Svindseth, Marie Nicolaisen, Maria Austbø.

Laget hadde i meldingsåret desse **heidersmedlemene**: Ruth Amdahl og Trond Reitan.

Heidersmedlem Trond Reitan døydde torsdag 19. september etter ei tidmed sjukdom. Han vart 69 år gammal. Trond vart medlem i Bondeungdomslaget i 1985, og var aktiv i Songlaget frå starten.

Trond var ofte ein av dei første vi tenkte på når ei nemnd eller eit ombod skulle fyllast. Han var med i Lagsstyret og i Rådet i fleire periodar, han var i fleire valnemnder, i Stiftinga Grøttumsbråten på 1990-talet og i Jubileumsnemnda for 100-års jubileet til BUL i 1999.

Trond var aktiv i mange ordskifte. Han kunne vere kritisk og prinsippfast, men med ei sær lun og omgjengeleg form, og alltid like løysingsorientert.

Trond var ein stor ressurs for heile BUL, ikkje minst i arbeidet med å lage og utvikle medlemsregisteret og utviklinga av heimesider. Det var ikkje få dugnadstimar som gjekk med i dette arbeidet.

Trond vart utnemnd til heidersmedlem i Bondeungdomslaget i 2009, for den store innsatsen han hadde lagt ned gjennom mange år.

## ÅRSMELDING 2019 FOR IDROTTSLAGET I BUL

### Styret i IL 2019

Leiar:	Håvard Hasås
Nestleiar:	Pål Johannes Larsen
Medlem/ungdomsrepresentant:	Nadia Akpana Assa
Medlem:	Anne-May Thompson
Medlem:	Mari Bjone (permisjon) Samuel B Elonga overtatt som medlem.
Varamedlem 1:	Samuel B Elonga (overtatt som medlem for Mari Bjone)
Varamedlem 2:	Ole-Petter Askim Vatne
Valnemnd:	Svein Erik Strand Tønnesen og Kristoffer Nilsen
Kontrollnemnd:	Thomas Arthur Bydal Jakobsen

### Representasjon

#### Bislett Alliansen

Styret:	Anne Farseth og Ole Petter Askim Vatne
Kontrollutval:	Tormod Bønes

#### Oslo Friidrettskrets

Styret:	Hilde Osnes (nestleiar) og Magnus Kringstad (medlem og ungdomsansvarleg)
---------	--

#### NFIF

Anne Farseth (visepresident)

#### Lagsstyret i BUL

Julie Farseth Berg (nestleiar)

## **Utval Noregs Friidrettsforbund**

### **Dommar og arrangementsutval**

Terje Hoffmann (medlem)

### **Fondsstyret (NFIFs utøvarfond)**

Terje Hoffmann (leiar)

### **Toppidretts- og talentutvikling**

Anne Farseth (leiar)

### **Valkomitéen**

Hilde Osnes (leiar)

## **Administrasjonen**

Idrottslaget har, saman med resten av Bondeungdomslaget i Oslo, kontor i Rosenkrantz' gate 8. Kristoffer Nilsen var dagleg leiar fram til og med 14. januar. Eirik Tanberg overtok som dagleg leiar 15. januar. Simen Wifstad tiltredde stillinga administrasjons- og arrangementsansvarleg. 1. februar. Ulv Holmer vart, med verknad 1. september, tilsett i ei 8 månadar lang prosjektstilling på 20 prosent for Sentrumsløpet.

Ved utgangen av 2019 utgjer administrasjonen i Idrottslaget 2,20 årsverk.

## **Økonomi**

Idrottslaget hadde i 2019 ei omsetning på 8 949 688 kroner og eit overskot på 1 734 504 kroner. Det var budsjettert med ei omsetning på 8 001 000 og eit overskot på 360 000. Rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

## **Medlemsutvikling**

IL i BUL hadde totalt 453 betalande medlemmer i 2019, ein liten oppgang frå 444 i 2018. Det er framleis stor pågang og ventelister til barnegruppene. Nye barn er tatt inn i dialog med trenarane. Ved årsskiftet 19/20 var det omtrent 150 barn under 15 år på venteliste. Plassmangel på Bislett Stadion på vinterstid set ei avgrensing på kor mange deltakarar vi kan ha på trening og talet på treningsgrupper.

## **Strategi**

Klubben jobbar framleis med utvikling av yngre utøvarar. I 2019 har mellom andre Luca Thompson utmerka seg med gode resultat på både 400 og 800 meter. Klubben har fyldige juniorgrupper og



spesielt på mellom- og langdistanse for guttar er det mange utøvarar som presterer godt på nasjonalt juniornivå.

Vi har ikkje oppnådd målsettinga om 6 gull i kvart senior-NM. Klubben har trua på at vi gjennom godt arbeid over nokre år framover, igjen vil auke talet på gull og medaljar generelt i senior-NM.

Idrottslaget vil fortsette å arbeide for å styrke Sentrumsløpet som arrangement og inntektskjelde. Klubben vil også arrangere andre arrangement, her spesielt friidrettskulen på Bislett Stadion i sommarferien og det årlege Julestemnet i Bærum Idrettspark.

### **Arrangement**

- ASICS Sentrumsløpet 27. april med til saman 12 500 påmelde deltakarar
- Oslo Bislett Games 13. juni
- IL i BUL sin Friidrettsskule i vekene 26, 27 og 32
- IL i BUL sitt Julestemne 30. november

### **ASICS Sentrumsløpet**

Sentrumsløpet blei nok ein gong gjennomført på ein bra måte. Totalt var det 12 500 påmeldte deltakarar til årets arrangement. Påmeldingstalet auka med heile 1 138 frå 2018, og viser at dei som har delteke dei siste åra har vore godt fornøgd med arrangementet.

Norlandia Sentrumsløpet for barn opplevde ein liten nedgang med 608 påmelde, mot 620 i 2018. På arrangementsdagen bidrog Norlandia mellom anna med ballongar, fotoboks der barna kunne ta morosame bilete og Science show med teknisk museum.

Det blei nok ein gong lagt ned ein enorm innsats av frivillige som er heilt uvurderleg for arrangementet og sikrar finansieringa av aktiviteten i laget. Tusen takk til alle som stilte opp!

### **Bislett Games**

Oslo Bislett Games 2019 fortsette suksessen frå året før og blei ein stor suksess. Stadion blei utseld tidleg slik at Bislett Alliansen såg seg nøydd til å legge ut ekstra billetter, og den nye generasjonen norske utøvarar presterte på eit høgt internasjonalt nivå. Verdsrekord (para), Europeisk rekord og

norsk rekord på ein fantastisk dag. Bidraget frå frivillige var som vanleg særleg god der over 100 av BUL sine medlemmer stilte opp.

### **Friddrettsskolen**

I 2019 opplevde friddrettsskolen ein nedgang, og påmeldingstala blei 87 totalt for dei tre vekene i juni, juli og august på Bislett Stadion. Julie Gaustad var igjen ansvarleg for arrangementet og gjorde ein god jobb. Neste år skal vi arbeide for å igjen kome over 100 påmeldte barn totalt.

### **Julestemne**

Enda eit nytt år med rekordstor deltaking under årets Julestemne. Laurdag 30. november i Bærum Idrettspark gjekk arrangementet av stabelen og blei gjennomført på ein bra måte og mange var fornøgde.

Heile 596 påmeldte deltakarar var påmeldt til totalt 1289 startar.

### **Trenerseminaret**

Robin Rustad, Asle Offerdal og Frode Hansen deltok på trenerseminaret til NFIF, 1.–3. november.

### **Trenarkurs**

Eric Becklund fullførte kurset friddrett for barn i regi av NFIF hausten 2019.

## **Friidrett**

Styret i Idrottslaget har utnemnt eit sportsleg utval som saman med dagleg leiar er med på viktige diskusjonar og avgjerder for det sportslege arbeidet i klubben. Mykje av jobben blir gjort i samband med disponering av dei sportslege midlane i budsjettet på hausten, i tillegg til saker som har forfalle i løpet av året. Det er mellom anna gjort ein stor jobb for å sikre rettferdig fordeling av pengar mellom utøvarane. Utvalet sørger for at budsjett og inntekter er godt diskutert og aukar sannsynet for å treffe gode avgjerder.

### **Medlemmer i Sportsleg utval i 2019:**

Håvard Hasås, Eirik Tanberg, Odd-Ivar Nyheim (fram til sesongslutt hausten 2019), Simen Wifstad (frå sesongslutt hausten 2019).

### **NM inne – Haugesund, 2.–3. februar**

Klubben hadde 9 påmelde deltakarar i Deep Ocean Arena denne helga.

Sigrid Jervell Våg vann gull på 1500 meter på tida 4,26,43 laurdag. Dagen etter sprang ho inn til sølvmedalje på 800 meter med resultatet 2,13,77.

### **UM inne – Ulsteinvik, 01.–03. mars**

Heile 18 påmelde deltakarar fordelt på 32 enkeltstartar og tre stafettlag, representerte IL i BUL i UM innandørs i Ulsteinhallen.

Josefina Maria Biernacki vann gull på 60 meter hekk i jenter 16-klassen med resultatet 8,83. På same øving i jenter 17 sprang Elea Bock inn til sølvmedalje med tida 8,93. På 60 meter utan hekker blei det bronse til Elea med 8,00. På 400 meter i jenter U-23 fekk Anna Worpvik sølv med resultatet 61,67. Camilla Lunde Colleuille fekk bronse på same løp med 62,13.

Camilla Lunde Colleuille var einaste deltakar då ho sprang inn til gull på 800 meter i kvinner U23 på tida 2.24,94. På 200 meter i gutar 18/19 blei det sølv til Philip Jason Omollo med resultatet 22,31.

Sarah Chidera Eijisi fekk bronse på 200 meter i klasse jenter 15 på tida 26,32.

BUL sitt stafettlag for jenter 15–17 sprang inn til bronse på 4x200 meter med resultatet 1.45,49. Gutelaget i klasse U23 fekk bronse på sin 4x200 meter.

### **NM terreng kort løype – Larvik, 6.–7. april**

Sigrid Jervell Våg vann gull for kvinner senior laurdag, og på søndag vann ho gull på stafetten saman med Delphine Poirot.

### **Daegu Maraton, 07. april**

Weldu Negash Gebretsadik sprang inn til 2:11,48 og VM-krav på maraton.

### **Holmenkollstafetten, 11. mai**

BUL sitt damelag blei nummer to i klasse kvinner elite med tida 1:02,01. Herrelaget vann klasse menn senior med resultatet 54:12, og rykkjer med det opp til eliteklassen i 2020.

### **Oordegem – Belgia, 25. mai**

Luca Thompson braut draumegrensa på 800 meter med tida 1:49,99 og kvalifiserte seg til U-20 EM i Borås, Sverige. Tida er klubbrekord i gutar 18/19 år.

### **NM Stafettar – Lillehammer, 25.–26. mai**

BUL sitt 4x100 meter-lag i klasse gutar 15/16 sprang inn til sølv med tida 47,23. På 4x400 meter for kvinner senior blei det bronse. På 4x100 meter i klasse kvinner senior, fekk BUL sitt lag sølv på tida 50,24.

### **Oslo Bislett Games, 13. juni**

Isabelle Pedersen satt sesongbeste med 13,08 då ho blei nummer seks på 100 meter hekk i Diamond League. Yngvild Elvemo fekk det ikkje til i eit veldig rotete løp på 800 meter i eit sterkt internasjonalt felt, der ein løpar fall og hindra mellom anna Yngvild og Hedda Hynne.

I dei nasjonale forøvingane blei Philip Jason Omollo nummer åtte på 200 meter med tida 22,58. Luca Thompson sprang sterkt på 400 meter, der han vann på ny pers, 47,97. Elea Bock blei nummer tre på 100 meter hekk i klasse U18 med resultatet 14,18. Aksel Moen Kristiansen fekk resultatet 2:10,38 og blei med det nummer seks på 800 meter i klasse gutar 14/15.

### **Tyrvinglekene, 14.–16. juni**

Tobias Grønstad sprang inn til klubbrekord for gutar 17 både på 3000 meter og 800 meter. Resultata vart høvesvis 8:35,70 og 1:52,01.

### **Viking Challenge – Gaustadtoppen, 22. juni**

Weldu vann bakkeløpet frå Rjukan sentrum og opp til Gaustadtoppen på imponerende vis på tida 1:27,32.

### **Världssungdomsspelen – Gøteborg, 28.–30. juni**

Tobias Grønstad vann 800 meter i gutar 17 på ny VU-rekord, 1:53,21. Elea Jørstad Bock sprang under kravet til EYOF på 100 meter då ho blei nummer tre med resultatet 12,22.

### **EM U20 – Borås, 18.–21. juli**

Luca Thompson sprang 800 meter for Norge. Han fekk det ikkje heilt til å stemme og blei nummer 18 totalt med resultatet 1:53,35.

### **EYOF – Baku, 21.–27. juli**

Roderick Duodu blei nummer sju på 3000 meter med tida 8:53,17. Tobias Grønstad sprang inn til femteplass på 800 meter med resultatet 1:55,73.

### **Hovedmesterskapet – Hamar, 2.–4. august**

På første dag vann Lene Retzius gull i stav med ny meisterskapsrekord, 4,32. På dag to blei det gull til Sigrid Jervell Våg på 1500 meter med resultatet 4:23,71. Dette var Sigrid sin tredje strake gull på distansen i NM. På meisterskapens tredje dag, fekk Chiamaka Okparaebo bronse i tresteg med lengda 12,80. Isabelle Pedersen tok klubbens tredje gull den helga då ho sprang inn til 13,16 på 100 meter hekk.

Dei andre utøvarane frå BUL gjorde også gode prestasjonar denne helga. Tobias Grønstad og Luca Thompson blei høvesvis nummer fem og seks på 800 meter med tidene 1.52,17 og 1.52:74. Ingrid Kristiansen fekk sjå 4.28-talet for fyrste gong og blei nummer sju. Same plassering fekk Tobias Grønstad på 1500 meter med resultatet 4.02,52. Delphine Poirot blei nummer fire på 3000 meter hinder med tida 11.39,76, og Julie Gaustad fekk femteplass i tresteg med 11,92.

### **Lag-EM – Sandnes, 9.–11. august**

Lene Retzius sette norsk rekord i stav med 4,51 og blei med det nummer 3 i konkurransen. Isabelle Pedersen blei nummer fire på 100 meter hekk med resultatet 13,45 i motvind 1,1. Luca Thompson sprang ein etappe på 4x400 meter for menn. Dei blei nummer seks i sitt heat.

### **Nordisk juniorlandskamp – Kristiansand, 17.–18. august**

Luca Thompson sprang både 400 og 800 meter under nordisk juniorlandskamp (U20) i Kristiansand. På 800 meter sprang han inn til gullmedalje på resultatet 1.50,94. På 400 meter blei han nummer fire med 49,28.

### **NM junior – Sigdal, 23.–25. august**

Klubben hadde totalt 32 startar og tre påmelde stafettlag i junior NM i Sigdal. Tobias Grønstad vann 1500 meter på 3.56,56. Leon Douglas blei nummer to på 400 meter med resultatet 49,38. På 800 meter i menn U20 blei Luca Thompson nummer to, Tobias Grønstad nummer tre og Leon Douglas nummer fire. Tidene blei høvesvis 1.51,94, 1.53,30 og 1.54,23. BUL sitt stafettlag i U20 menn blei nummer to med resultatet 1.58,15. På laget sprang Thomas Graftås, Anders Nikolai Bovolden, Leon Douglas og Luca Thompson.

### **Ungdomsmesterskapet – Jessheim, 6.–8. september**

IL i BUL hadde totalt 41 påmelde startar og tre stafettlag i UM på Jessheim. Tobias Grønstad sprang inn til gull på 3000 meter i gutar 17 med resultatet 9.05,74. Han vann også gull på 800 meter med tida 1.54,61. Tobias blei i tillegg nummer tre på 400 meter med 51,43. Luca Thompson blei nummer to på 400 meter i gutar 18/19 med 49,09. Sivert Eggen sprang inn til sølv på 2000 meter hinder i gutar 18/19 med tida 6.24,82. På 300 meter hekk i jenter 17 blei Solveig Bustgård Gran nummer tre med 47,19.

1000-meterlaget i gutar 17/18/19 fekk sølv med resultatet 1.56,06. På laget sprang Anders Nikolai Bovolden, Philip Jason Omollo, Luca Thompson og Leon Douglas.

### **Oslo Maraton, 21. september**

Weldu Negash Gebretsadik vann 10 for Grete på sterke 29:21.

### **VM – Doha, Qatar, 27. september–6. oktober**

IL i BUL hadde to deltakarar i friidretts-VM i Doha, Qatar. Lene Retzius hoppa stav og Weldu Negash Gebretsadik sprang maraton. Lene hoppa 4,35 i første forsøk, men klarte ikkje neste høgde 4,50. For å kome til finalen måtte ein hoppe 4,60. Weldu gjorde eit godt maratonløp i sterk varme og høg luftfuktigheit. Han sprang inn til 24. plass av 55 fullførande. Sluttida blei 2:16:35. Isabelle Pedersen var kvalifisert for meisterskapet, men valte å avslutte sesongen etter Lag-EM i Sandnes.

### **NM terreng lang løype – Frognerparken, 13. oktober**

Sigrid Jervell Våg sprang inn til sølv i klassen kvinner senior med tida 20:12.

### **Hytteplanmila – Hole, 19. oktober**

Sigrid Jervell Våg sprang svært sterkt i den 10 km lange løypa. Ho vann på tida 32:52.

## **Sportsleg oppsummering av året 2019**

### **Sportsleg oppsummering for gruppe 2005**

Denne gruppa er delt inn i ei satsingsgruppe og ei treningsgruppe.

Satsingsgruppe: Eg (Julie) har i hovudsak trent barn fødd i 2005, men 1 sprintar fødd i 2004 (frå 2020 har eg 2). Eg er veldig fornøgd med korleis gruppa er. Noko varierende oppmøte, men i snitt 7–8 per trening.

Må spesifikt nemne Nicolas Barayani, Trygve Ilseng og Kisha Ugland, aktuelle medaljekandidatar i UM på høvesvis 60 hekk og 200 m.

Nicolas og Trygve er veldig gode på både hekk og sprint. Nicolas sprang m.a. 4. beste tida gjennom tidene i g14 på 60 hekk med 8.74, Trygve har 8.91, altså rett i nærleiken. Elles har Nicolas markert seg godt på både 60 m og 200 m. Kisha hevdar seg godt i sin klasse på hekk, hoppar også relativt langt i lengde, alle tre er spennande utøvarar med stort potensiale, iver og god treningsmoral.

Videre har eg hatt ein sprintar fødd i 2004: Simon Stornes. Han er også aktiv på ski, men bidrar med mane gode tider i gruppa og er veldig strukturert og disiplinert.

Ny i gruppa er Tuva Marcussen som, med litt trening, har gode utsikter for å springe seg godt nedover.

I sin heilskap er det ei god gruppe med seriøse utøvarar og flotte menneske som eg trivest veldig godt med å trene, og som eg trur vi kan forvente store ting av.

Treningsgruppe: Denne gruppa består av mykje springing, og litt hekk og lengde. Eg (Hannah) fokuserer også på å forbetre kjernestyrken og spensten. Eg har ei ekstra økt i veka på enten fredagar eller laurdagar. Oppmøtet på trening varierer, og det er eit fleirtal av jenter i gruppa.

Julie og Hannah

### **Sportsleg oppsummering for gruppe 2006–2007**

Treningane for 06/07 består av mykje løp, litt hekk og lengde. Forskjellig frå i fjor, har vi no delt gruppa i tre på onsdagar: mellom/lang, sprint/hekk/lengde og ikkje-konkurranseretta. Dette har fungert fint, og vi opplever at utøvarane er fornøgdde med å kunne fokusere meir på det dei ønskjer å bli betre i. I tillegg tilbyr vi no ei ekstra økt enten fredag eller laurdag for dei ivrigaste. Dette gir oss moglegheit til å rette ekstra oppmerksemd mot utøvarane som ønskjer å trene meir.

Udoka, Edem og Kristin

### **Sportsleg oppsummering for gruppe 2008**

Det har vore eit bra halvår for 2008-gruppa. Vi har fått fleire nye barn og mange har begynt å konkurrere og ønskjer å trene fram mot spesifikke distansar innanfor friidretten. Vi hadde eit



bra oppmøte på julestemne og Tyrving der dei aller fleste persa, og det virka som at alle syntest dette var veldig gøy.

Vi hadde også moglegheit til å teste ut litt fleire tekniske øvingar då utebanen opna i haust, og vi satsar på at det blir meir av dette framover mot våren når vi begynner å trene ute igjen. Det siste halvåret har vi dessverre også slitt noko med mangel på motivasjon hos enkelte i gruppa som fort kan smitte over på dei andre. Vi har også opplevd at det til tider ikkje er alle som klarer å konsentrere seg, noko som har vore ganske utfordrande.

Hannah, Udoka, Rachael og Helene

### **Sportsleg oppsummering for gruppe 2009–2010**

Vi begynte hausten med mange nye barn. Barna har vore flinke og motiverte. Dei ønskjer å bli utfordra meir. Vi har hatt mykje teknisk trening og prøvd oss på nesten alle øvingar i friidrett bortsett frå stav og spyd. Nokre av barna har så smått begynt å konkurrere og ønskjer å delta på fleire stemne. Vi er veldig fornøgde med gruppa.

Jenny, Helene og Rashida

### **Sportsleg oppsummering for gruppe 2011–2012**

Vi begynte hausten med ein ny trenar, Felix Christensen, og utvida treningstid frå 1 time til 1,5 time. Vi har hatt ein del leik, men har prøvd å gå litt inn på teknikk t.d. i lengde. Fleire av barna har vist stor framgang. Vi har hatt nokre kaotiske dagar, men elles har det gått bra.

Jenny, Felix og Rashida

### **Sportsleg oppsummering for gruppe 2013–2014**

Det har vore eit fint år med mykje leik og løp, men vi har også lagt inn lette styrkeøvingar. På samlingane varierer vi med lengdehopp som er veldig populært, enkel stafett, hinderløype med forskjellige øvingar der barna får trene på balanse og koordinasjon. Vi bruker låge hekkar, rokeringar og "stige". Vi har av og til stigningsløp.

Vi startar timen med oppvarming, ein eller to rundar rundt banen, lett tøyning og litt drill. Vi avsluttar ofte med balleik eller annan leik utan ball.

Nokre barn har slutta og nye kome til. Barna trivest, og vi får gode tilbakemeldingar frå foreldra og barna. Vi starta rett før jul med at vi bruker nokre få minutt på slutten av treningstimen på å spørje barna om kva som var morosamt og kva dei ønskjer å gjere. Vi

starta også før jul med at vi snakka med barna om nokre få regler som vi må ha, som at å dytte, slå eller snakke stygt til kvarandre ikkje var lov. Det blei godt mottatt. (Vi gjentar ikkje dette kvar gong, men ein gong iblant kan det vere nyttig å minne dei på det.) Barna er flinke, men dei er barn, og vi tilpassar øvingane til kva vi trur dei kan klare.

Kristin og Anne Marie

### **Sportsleg oppsummering for gruppe Team Offerdal**

I 2019 har det vore ei auke i oppmøtet på øktene, som er kvar tysdag og torsdag 17:30–19:30. Hovudandelen av dei som har deltatt er menn i alderen 35–55 år. I den aldersgruppa er det om lag 10–12 aktive i gruppa. I tillegg er det 4–5 under 35 år. Totalt er det rundt 15 aktive i gruppa.

Hovudfokus på øktene er langsprint. Nivået på enkelte er høgt og det er etter kvart fleire som har sett norske rekordar i sin aldersklasse.

Det kan til tider vere ei utfordring å lage økter som er tilpassa både dei som er godt trent og dei som er nye i gruppa. Eg tilpassar økta så godt som mogleg til den enkelte sitt nivå og reduserer distansen eller tal på intervall hos nokon, og motsett hos andre. Men det er til tider ei utfordring å vere aleine som trenar når nivået er forskjellig og dei derfor blir delt opp i to grupper.

Det er fleire i gruppa som deltar på ei ekstra økt enkelte laurdagar/søndagar for å kunne utvikle seg raskare. Andre må bremsast for å unngå skader.

Tilbakemelding frå deltakarane er at mange set pris på miljøet i gruppa. Det er mange som gir uttrykk for at det er svært motiverande å få trene samen med andre rundt same alder, og nivå.

I tillegg til springing har eg hatt mykje fokus på å styrke core-muskulatur. Utøvarane avsluttar alltid øktene med eit fast uttøying- og styrkeprogram. Det har medført at ingen har rapportert ryggmerter sidan vi starta.

Asle

### **Sportsleg oppsummering for gruppe «running for fun»**

- Sportsleg sesong 2019 starta i slutten av mars i Fredrikstad, med Fredrikstadsløpet. Fleire frå gruppa deltok på halvmaraton og 5 km. Mange gode resultat, mellom anna tre klassevinnarar: to på 5 km og éin på halvmaraton.
- Sentrumsløpet – Klubbens eige arrangement, der alle frå gruppa har vore med og bidradd med eit eller anna. Fleire deltok også på 10 km-løpet med gode tider.
- Holmenkollstafetten – «vårens vakreste eventyr», der nokre frå gruppa fekk plass på BUL sitt elitelag. Resten sprang for mikslaget bedrift og blei nr. 2 i klassen.
- Noko utanlandsk deltaking og omtale fekk vi også frå både Sverige og London.
- Ryeløpet: fleire deltok og oppnådde fine resultat.
- Fornebuløpet: endå fleire deltok her, både på 5 km og 10 km.
- Fleire har deltatt i Nordmarka skogsmaraton, halv- og heilmaraton.
- St. Hansgaloppen blei det også deltaking av fleire frå gruppa med fine resultat.
- På DHL-stafetten blei det også oppnådd eit bra resultat med éin pallplass på lagmiks.
- Hytteplantesten og Sommerløpet (5 km) i Nes var BUL representert.
- Nokre har også deltatt på ulike distansar og stemner på bane, mellom andre Loke og Stein.
- Drammen halvmaraton og 10 km: fleire deltok og oppnådde gode resultat.
- Oslo maraton, halvmaraton og 10 for Grete – Ein populær løpedag for heile løpsmiljøet. Fleire deltok på ulike distansar. Det blei ein 3. plass for Michael Ande Tesfamichael på 1.07. Han sprang også bra på fleire andre gateløp: Norgeshøpet, Forumomila, Hytteplanen og NM-terreng.
- Norgeshøp: fleire andre deltok her også og sprang fint.
- Hytteplanmila: mange deltok på denne løpefesten og representerer BUL på ein skikkeleg måte.
- Nokre deltok på NM-terreng i Frognerparken og fekk med seg løpefesten i Oslo.
- Fleire deltok på andre ulike løp over heile landet og nokre i utlandet.

Dette er ei fin gruppe som har det veldig fint og sosialt saman og tiltrekkjer seg mye oppmerksomd, sosialt og sportsleg. Gruppa ser ein del utskifting, men det er akkurat slik det skal vere. Vi har fått nokre nye, unge og lovande utøvarar i haust. Det blir spennande å følgje desse.

Hassan

### **Sportsleg oppsummering for ungdomsgruppe 15–19 år «hopp-sprint-hekk»**

Gruppa har bestått av om lag 25 gutar og jenter med litt blanda nivå og innsats på trening.

Resultatmessig har det vore mykje bra, men altfor mange av dei aller beste har hatt skadeproblem over lengre periodar og det har difor ikkje gått heilt som planlagt for dei som verkeleg satsar. Det kan vere utfordrande med ungdom i utvikling og fornuftig trening.

UM innandørs i Ulsteinvik fekk gruppa følgjande finaleplasseringar:

Sarah Ejisi	bronse på 200 m og nr. 5 på 60 m
Camilla Lunde Colleuille	gull på 800 m og bronse på 400 m
Steffen Gaustad	4. plass i tresteg
Stafett 4x200m J-15/17	nr. 3 (Sarah Ejisi + 3 frå dei andre gruppene)
Stafett 4x200m G-18/22	nr. 2 (Anders Nicolai Bovolden, Theodore Fremstad-Waldron + frå dei andre gruppene)

NM stafettar Lillehammer

G-15/16 4x100 m	nr. 2 (Akshathan Nadarajah-Sander Werge Nilsen- Mathias Teffera Jubskås + 1 frå anna gruppe)
KS 4x400	nr. 3 (Rachael Eide,Camilla Lunde Colleuille + 2 frå anna gruppe)

NM junior Sigdal

M-U20	Anders Nikolai Bovolden nr. 5 100 m
1000 m stafett	Lag 1 nr. 2 (Anders N Bovolden + 3 frå anna gruppe) Lag 2 nr. 6 (Theodore Fremstad-Waldron + 3 frå anna gruppe)

UM Jessheim

J-17	Solveig Bustgård Gran nr. 3 på 300 m hekk og nr. 4 på 100 m
G-18/19	Anders Nikolai Bovolden nr. 4 100 m

G-17/19	lag 1 nr. 2 (Anders N Bovolden + 3 frå anna gruppe)
1000 m stafett	lag 2 nr. 5 (Theodore Fremstad-Waldron + 3 frå anna gruppe)
G-15/16	
1000 m stafett	nr. 3 (Akshathan Nadarajah, Sander Werge Nilsen + 3 frå anna gruppe)

### Oppsummering

Vi hadde som mål å få mange medaljar i UM, men slik gjekk det ikkje.

Det store lyspunktet denne sesongen har vore Anders som verkeleg fekk fart på beina med 100 m-tida 11.16.

Dei andre talentfulle i gruppa som Tinius Fremstad-Waldrom og Jonathan Holen har vore ute med skadar heile sommaren, men har fått treningsgrunntrening.

Solveig Bustgård Gran fekk øydelagt mykje av forseseongen og Bereket Geda Way har hatt mange utfordringar med forskjellige skadar.

Unni

### **Sportsleg oppsummering for juniorgruppe sprint**

For juniorgruppa har 2019 bestått av oppturar og nedturar. Innandørssesongen var god for enkelte utøvarar der eg særleg vil trekkje fram Thomas Graftås og Philip Jason Omollo som sette pers på 200 m og sprang også bra på 60 m.

Utandørs leverte begge utøvarane bra på begge distansar. Philip fekk debutere under Bislett games. Han fekk ikkje ut sitt fulle potensiale, men viste at tider lågt på 22-talet og like under var mogleg.

Bendik Bull Hansen, som hadde sin første sesong i BUL, persa på 100 m til 11.38. Det blei litt få stemne pga. studiar, men har alt i alt god framgang. Vi håpar å sjå han meir på friidrettsbanen i inneverande sesong.

Edem Agbo viste verkeleg gode taktar på trening, men blei noko tilbakesett pga. langtidsjukdom. Likevel persa han på 200 m til tida 21.87 under VU-spelen. Han hadde meir inne, men blei dessverre skada i same periode og fekk ikkje konkurrert meir resten av sesongen.

Stephan Skogheim Kyeremeh hadde, med sine plager med hamstrings, ingen innandørssesong og det blei ein knapp oppkøyring mot utandørssesongen der målet var å kvalifisere seg til U20 EM i Borås. Med veldig godt fokus og god innstilling klarte han, etter få månadar med trening, å springe inn til 21.59 på Bislett, som var under kravet, men vinden var dessverre for sterk. Det positive er at Stephan har fått orden på hamstrings og har fått trent bra til no. Vi ser frem imot sesongen 2020.

Andreas Askim vatne fekk endeleg sjå 11-tallet på 100 m, men har vore på utveksling i denne perioden.

Udoka C. Madu fekk sitt beste resultat med 13.10 på 100 m. Udoka har også trent saman med Robin Rustad frå hausten av og ho har vist gode steg framover teknisk og lovande resultat på 60 med pers. Blir spennande å sjå korleis ho utviklar seg mot utandørs 2020.

Andreas Driot fekk beste resultat 12.20 på 100 m og 24.51 på 200 m. Etter eit lite opphald i haust er han no tilbake på trening og gir gass mot komande sesong.

## **Sportsleg oppsummering for Sprint/Hekk – Satsingsgruppe**

### Satsingsutøvarar

Kriterium: Utøvar må sjølv vere indre motivert og ha eit gjennomtenkt ønskje om å satse på hekkeløp eller sidestille hekkeløp med sprint.

Utøvarane i gruppa trener minimum 6 friidrettsøktar per veke, og blir tett følgt opp av trenar og klubb. Treninga er planmessig og periodebasert, og det blir stilt store krav til utøvarane. Friidrettstreninga har høg prioritet for utøvarane i gruppa. Det er ein føresetnad å møte på fellestrening, gjennomføre eigentreningsprogram, delta på aktuelle stemmer og samlingar. Dette for å vidareutvikle ein vinnande treningskultur, eit sosialt treningsmiljø, skape gode opplevingar og prestasjonsutvikling.

Utøvarane i gruppa har individuelt tilpassa treningsopplegg med heilskapleg og tett oppfølging.

Nivå: Jr./sr. NM kvalifiseringsnivå.

Målsetting: Finaleplass i nasjonale meisterskap, kvalifisering til internasjonale Jr. meisterskap

Alder: Hovuddelen av gruppa skal bestå av utøvarar frå 16 år og oppover.

### Prestasjons- og samhandlingskulturen i gruppa

- Heilskapleg fokus. Livsstil, kosthald og restitusjon.
- Balanse når det gjeld totalitet (utdanning, jobb, venner, familie og anna), men konkurranseidrett har høg prioritet.
- Når vi trener saman, pusher vi kvarandre og ønskjer kvarandre utvikling, gode resultat og opplevingar. Når vi er gode saman blir vi gode individuelt.
- Vi jobbar kontinuerleg med forbetring i gruppa (saman) og individuelt. Vi ser ikkje så mange avgrensingar, vi flytter grenser.
- Vi har kunnskap om det vi driv med og er godt førebudd. Er trygge.
- Vi er villige til å jobbe hard for å få til det vi har som målsettingar.
- Utøvarane er i sentrum. Forelder, leiarar og trenarar skal lytte til dei og dei skal involverast i gruppeutviklinga og individuelle prosesser.

### Motto: Samen er vi gode!

Utøvarar:

Kort sprint/hekk: Elea Jørstad Bock J18, Iselin W Rustad U23 og Josefina Biernacki J17

Kort sprint: Angelica Okparaebo U23 (skal studere vidare i Stavanger og vi legg til rette for dette knytt til trening)

Lang sprint/hekk: Anna Worpvik KS

Kortsprintar Udoka Madu trener med gruppa 2 øktar i veka.

Langsprint-/hekkeutøvarar Solveig Brusgård Gran J17 og Elizabeth Turk (Nesodden/BUL) J18/19 trener langhekk i gruppa ei økt per veke og generelt i anna gruppe.

### Treningstider

Fire fellesøktar i veka.

Måndag, Onsdag, fredag og søndag

Ovannemnde + eigentrening styrke og spesifikke løp. Samt økter på skule/NTG.

Dannar grunnlaget for gode forbetringar og opplevingar for den enkelte.

Vi bygger ein hensiktsmessig periodisering og treningsplan for kvar enkelt.

Nemneverdige resultat for gruppa 2019:

3 kvalifiserte til Sr. NM

Finaleplass 100 m h k Jr. NM

UM Inne:

J16 60 m h k Gull

J17 60 m h k Sølv og 60 m Bronse

Kvinner U23 400 m Sølv

Kvinner U23 4x200 m stafett 4. plass

J15-17 (m 2 utøvarar frå gruppa på laget) Bronse

Elles kan det nemnast at Elea Bock sprang inn til 3. plass og dermed kvalifiseringskravet til EYOF (ungdoms OL) i forøving J17 100 m h k til Bislett Games tid 14.18. Vidare ein 3. plass i finalen J17 100 m på VU med tid 12.22

Resursperiode 1 er no iverksett og vi gleder oss til nye gode opplevingar på trening og stemne.

Robin

### **Sportsleg oppsummering for gruppe Mellom- og langdistanse for junior**

Gruppa har framleis fin framgang i 2019. Gruppa har fått fleire nye medlemmer og det har vore sterke resultat og god framgang blant dei eksisterande medlemmene. IL i BUL har dei siste årene satsa sterkt på framveksten av ei gruppe som no verkeleg begynner å ta form med over 15 aktive utøvarar i junioralder som er jamleg på fellestrening tre til fire gonger i veka.

Nytt av året i 2019 er at det er sett saman ei ny, yngre gruppe med fokus på langsprint- og mellomdistanse med nærmare 10 utøvarar i alderen 13–15 år. Resultat som kan nemnast herifrå er Tora Grieg-Cappelen (f. 2004) med 800 m på 2.20 og Aksel Moen-Kristiansen (f. 2005) med 400 m på 53,72.

Klubbens beste mellomdistanseutøvarar har i 2019 deltatt på fleire internasjonale meisterskap. Luca Thompson (f. 2000) deltok på 800 m i U20-EM i Borås i Sverige og Tobias Grønstad (800 m) og Roderick Duodu (3000 m), begge f. 2002, i European Youth Olympic Festival (EYOF) i Baku, Aserbajdsjan. Dei same utøvarane presterte også svært sterke tider på banen med fleire nye klubbrekordar i løpet av sesongen der m.a. Roderick sprang 5000 m på 15.03, Luca sprang 600 m på 1.17,88 (U20 aldersrekord) og 800 m på 1.49,99 og Tobias sprang 800 m på sterke 1.51,39.

Ved utgangen av 2019 er det også gledeleg å melde at utøvarar som Markus Einan (f. 1997 med pers på 400 m og 800 m med høvesvis 47,76 og 1.47,64), Simon Steinshamn (f. 1999 og pers på 10 km med 30:31) og Leon Douglas (f. 2000 med pers på 800 m med 1.52,89) har meldt overgang til IL i BUL. I tillegg har fleire andre utøvarar meldt overgang, noko som viser at BUL i dag har eit svært attraktivt treningsmiljø for mellomdistanse. Før sesongen 2020 er det allereie 12 utøvarar som har tatt krav til junior-NM på mellomdistanseøvingane frå IL i BUL – opp frå 7 utøvarar i 2019.

Svein Erik og Magnus

### **Sportsleg oppsummering for Mellom- og langdistanse, kvinner**

Etter eit fantastisk 2018 var det mykje og leve opp til i 2019. Dessverre har utviklinga i gruppa gått i noko feil retning ila 2019. Det er færre aktive i gruppa, og ved utgangen av året er det om lag 10 stykk som er jamleg på trening. Men resultatmessig har 2019 likevel vore eit godt år.

Hovudpunkt:

NM innandørs – Haugesund, 2.–3. februar 2019

Sigridd Jervell Våg – 1500 m – 4.26,43 – Gull

Sigridd Jervell Våg – 800 m – 2.13,77 – Sølv

Nordenkampen – Bærum, 10. februar 2019

Sigridd Jervell Våg – 1500 m – 4.23,46 – Sølv

Yngvild Elvemo – 800 m – 2.06,83 – 5. plass

NM Terrengløp, kort løype – Larvik, 6.–7. april 2019

Sigridd Jervell Våg – 2 km – 5.38 – Gull



Delphine Poirot og Sigrid Jervell Våg – 6x1000 m stafett – 16.38 – Gull

Fjellhamastafetten – 24. april 2019

IL i BUL 1. lag – 19.03,7 – 2. plass

IL i BUL 2. lag – 19.27,6 – 4. plass

Holmenkollstafetten 11. mai 2019

2. plass – 62.01

På laget:

Anniken Johansen, Ingrid Kristiansen, Camilla Colleuille, Yngvild Elvemo, Anne Hansen, Montaha Al-Sultan, Heidi Weng, Sofie Kjos Bergum, Victoria Nitteberg, Delphine Poirot, Pia Bålsrud, Anna Worpvik, Veronica Undseth, Zainab Al-Sultan og Viktoria Gundersen.

Oslo Bislett Games – 13. juni 2019

Yngvild Elvemo – 800 m - 2.07,25 – 11. plass, med fall.

Hovud-NM – Hamar, 2.-4. august 2019

Sigrid Jervell Våg – 1500 m – 4.23,71 – Gull

Ingrid Kristiansen – 1500 m – 4.28,43 – 7. plass

Anniken Johansen – 1500 m – 4.44,99 – 7. plass i forsøket

Delphine Poirot – 3000 mH - 11.39,76 – 4. Plass

NM-terrengløp, lang løype – Frogerparken, 13. Oktober 2019

Sigrid Jervell Våg – 6 km – 20.12 – Sølv

Delphine Poirot – 6 km – 22.22 – 17. plass

Sigrid blei også tatt ut til EM i terrengløp, men måtte melde forfall grunna skade.

Frode og Håvard

**Sportsleg oppsummering frå spydgruppa**

Grappa består i utgangspunktet av to utøvarar: Arianne Duarte Morais og Dag Wergeland.

Førstnemnde har sidan hausten 2018 studert i utlandet, men har likevel blitt følgt opp. I tillegg har heile 2019 gått med til opptrening etter skade frå 2018. Ho er fullt tilbake no og det blir rapportert lange treningskast i haust. Ho var heime i jula og trente samen med Dag. Det ser veldig bra ut og det blir veldig spennande når sesongen startar. Ho kjem til å kaste langt!

Dag har dessverre slitt mykje med skadar. Han var på gang i sommar med gode og lange treningskast, før han nok eingong måtte ta nokre steg tilbake. Dag viser svært god ståpåvilje og har stadig framgang på trening. Han bygger seg gradvis opp igjen og er på eit mykje høgare nivå både teknisk (etter mye drill) og fysisk enn tidlegare. Han må berre bli skadefri, då blir det bra.

Åsmund

### **Sportsleg oppsummering frå BVT-gruppa**

BUL fotball kan sjå tilbake på eit hektisk, men opplevingsrikt år. Vi starta sesongen med den årlege cupen i Drammen der våre to lag hadde stor suksess som resulterte i sølv og bronse.

Fotballgruppa har også i 2019 fått fleire nye medlemmer og vi har på få år gått frå ei treningsgruppe på rundt 8–10 personar til å ha stabilt treningsoppmøte på rundt 15–18 personar. Dette aukar krava rundt tilrettelegging og for å møte alle individuelle behov samt fokus på at alle oppnår meistring. Vi ser behovet for utvida hallplass.

ViVIL-lekene var vårens høgdepunkt og i løpet av to solfylte dagar på Nadderud kjempa førstelaget seg til sølv mens andrelaget tok gull i godt humør. I tillegg deltok fleire av BUL sine spelarar i løpsøvingar og kastøvingar som blei gjennomført denne helgen.

Vi stilte også i år to lag under Stjerneserien, med fire rundar fordelt på stader som Furuset, Hvam, Gjelleråsen og Strømmen. 7-arlaget stilte i tøff gruppe og ende på andreplass berre få poeng bak Vålerenga. 5-arlaget ende på femteplass i det som blei ei veldig hard gruppe. Men upåklageleg innsats gjennom alle dei fire turneringsdagane.

I tillegg har fotballaget deltatt på julecup i Fredrikstad. Der stilte vi to lag som begge gjorde sine saker svært bra.

Vi har årleg hatt turar til Mjøndalen for å spele vennskapskamp som avslutning på utesesongen. I år blei denne avslutninga heller ein sommartur og vi var ein stor gjeng som opphaldt seg ein solskinsdag i Mjøndalen med måltid, talar og vennskapskamp som BUL for første gong gjekk sigrande ut av. Vi fekk også sjå Mjøndalen og Viking kjempe om poenga i Eliteserien i ein kamp som ende 1-1.

Fotballgruppa har gjennom sesongen hatt fin tilvekst av nye spelarar. Det er flott å sjå korleis dei blir ivaretatt av dei allereie etablerte spelarane. BUL skal vere ein inkluderande klubb og det viser spelarane gong på gong at vi er. Dette gjaldt også vår nye trenar som tok

over for Anders Moland i sommar. Erlend Karlsen har glidd godt inn og har mot slutten av året gått inn som medtrenar samen med Kjetil.

BUL Handball har også hatt ein flott sesong. Med god innsats både i Drammen og Fredrikstad på julecup. Handballjentene har også deltatt på ViVil-lekene og kjempa lenge om topplassering der. I seriespelet gjorde også jentene det bra, med god hjelp av enkelte av fotballgutane. Handball treng framleis påfyll av nye, yngre spelarar og dette blir det kontinuerleg jobba med. Det har dette året kome éin ny spelar til klubben samtidig som dei har mista ein spelar.

Landsturneringa for fotball og handball var også i år det store høgdepunktet. Vi reiste med ein stor tropp på 33 menn og kvinner til Trondheim ein fredags ettermiddag. Med opningsshow i Stjørdal og disko fredagskveld var det en trøtt gjeng som vakna opp på Lerkendal Stadion laurdag. Handballjentene viste at dei ville gjenta den fantastiske sigeren frå førre landsturnering og starta laurdagen med full pott. Det same gjorde fotballgutane sine to lag. Etter bankett og fest laurdagskveld blei det noko tyngre søndagen og handballjentene klarte ikkje å følgje opp fjorårets gullmedalje, sjølv om innsatsen var like god. For 7-arlaget i fotball blei det til slutt ein sterk tredjeplass mot motstand heilt opp mot det ypparste dei har møtt. På 5-arlaget blei ein ny stjernespiss fødd. Thor Nilsen hadde heile sesongen meldt at han legg opp etter sesongen. Under landsturneringen blei han brukt som spiss på 5-arlaget søndagen og hans eigenskapar som tilretteleggjar, samt hans matchvinnande skåring i siste kamp fekk Thor til å ta eit år til, som utespelar på 5-arlaget. Herleg for BUL som dermed får gleda av BVT-legenda eit år til. Trondheim var uansett ein suksess og vi gleder oss allereie til neste år i Kristiansand.

For å få til slike opplevingar trengs litt dugnadsjobbing i år også. Det blei vasstasjon både på Sentrumsløpet og under Oslo Maraton. Det er to hektiske og lange dagar for denne gjengen, men dei jobbar sokkane av seg for å halde tritt med dei mange tusen løparane som kjem inn for å få i seg væske etter løpet. Vi håpar også i år at vi skal få til desse to dugnadane, med noko endring på Oslo Maraton då det blei litt for mykje med stasjonen i målområdet samt 21.5 km-stasjonen.

### I løpet av året 2020

Vi vil fortsette jobben med å få inn nye kandidatar til handball, sjølv om dette tidvis er ein vanskeleg prosess og ofte utan resultat. Likevel ser vi at det plutselig dukkar opp nokon som vil prøve seg. For fotballen kjem det stadig nye førespurnader og personar innom.

Vi har sidan 2018 forsøkt oss på ei Facebook-gruppe der alt av beskjedar og informasjon blir publisert. Dette er i tillegg til utdeling av informasjon på treningar. Denne gruppa er også for bustader, foreldre og andre familiemedlemmer. Dermed er vi tryggare på at fleire får informasjonen og det fungerer også som ein fin kanal der underteikna kan vende seg til føresette om hjelp til køyring med meir.

Vi nærmar oss sakte, men sikkert oppstart for barnegruppa også. To trenarar er allereie på plass og ein tredje person er ikkje langt unna heller. Dette vil bli eit prøveprosjekt på eitt år med vekentleg trening for barn og unge mellom 8 og 15 år. Det skal vere fokus på leik og allidrett.

Vi jobbar også med ny treningsstad frå hausten av då Nordpolen Skole begynner å bli for liten for fotballgruppa. Og med barnegruppa på veg inn, er det rett og slett ikkje nok tid og plass for alle tre gruppene. Vi håpar å få på plass ei ordning på Kuben Skole frå og med hausten 2020 av.

Kjetil

## **Langrenn**

Grupperepresentant i styret: Ole Morten Weng.

### **Verdscupen og Tour de ski**

Heidi Weng hadde ein tyngre sesong enn på lenge i 2018/2019. I Tour de Ski blei ho nummer sju. I verdscupen samanlagt blei Heidi nummer 16.

### **VM – Seefeld, 19. februar–3. mars**

Ho blei nummer sju på 15 km fellesstart med skibyte og nummer 19 på 10 km klassisk. På stafetten blei det sølv bak Sverige.

### **NM**

I NM del 1 på Meråker gjekk ho inn til fjerdeplass på 10 km klassisk og 5. plass på 15 km fellesstart med skibyte.

Heidi Weng var tilbake i veldig god form i starten av sesongen 2019/2020.

# ÅRSMELDING 2019 FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

## 1. Melding frå styret i Leikarringen

### 1.1 Styret i Leikarringen 2019

Leiar:	Audun Grüner-Hegge
Nestleiar:	Solveig Brekke Hauknes
Styremedlem:	Aleksander Breiby Herseth (skrivar)
Styremedlem:	Simon Hesselberg Løvald (pengestyrar)
Varamedlem:	Rita Sirirud Vatnehol
Varamedlem:	Marta Lindvik

### 1.2 Årsmøtet

Årsmøtet vart halde i Lagsrommet tysdag 5. mars 2019. 22 personar deltok på møtet, der alle var røysteføre medlemmer av Leikarringen.

### 1.3 Styrearbeid

Styret møttest til fyrste styremøte etter årsmøtet 28. mars 2019. Styret har hatt 6 fysiske styremøte i 2019. Elles har styret kommunisert kontinuerleg via e-post, Facebook og jamleg møte i høve øvingar og annan aktivitet. Den viktigaste jobben ved styrearbeidet er framleis hyppige møte med medlemene og tilrettelegging for tysdagsøvingane.

### 1.4 Informasjon

Styret har i hovudsak kommunisert med medlemmer og andre interesserte gjennom Facebooksida vår ([facebook.com/Leikarringen](https://facebook.com/Leikarringen)), men og via Leikarringen si heimeside ([leikarringen.bul.no](http://leikarringen.bul.no)) og noko på e-post.

Medlemssystemet Styreweb vert brukt av heile laget og har for Leikarringen letta arbeidet med å ha oversyn med medlemene, og letta kommunikasjon i nokre høve.

### 1.5 Heiderslagsfolk

Det har i 2019 ikkje vore utnemnd nye heiderslagsmedlemmer.

### 1.6 Heidersmerke

Styret har ikkje delt ut heidersmerke i 2019.

## 1.7 Medlemstal

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Ved utgang en av året	124 (+ 16 under 18 år)	116 (+12 barn )	104 (bet al-an de)	114*	112	98	104	110	102	111	118	139

## 1.8 Ombod frå Leikarringen

### Bunadnemnda:

Sigrud Kjøbli

Anne Cathrine Johansen

Åse Wethal Holen

### Valnemnda:

Audun Stokke Hole

Eva Fischer

Torbjørn Bergwitz Lauen

### Rådet i Leikarringen:

Rune Hernes Bjerke

Anbjørg Myhra Bergwitz

Karianne Johansen

Lasse Pettersen

Anne Cathrine Johansen

## 1.9 Øvings- og dansekveldar

### Øvingar i BULder og Brak og TrøBUL

Øvingane våren og hausten 2018 vart haldne i Teatersalen/Lagsrommet i Rosenkrantz gate 8, kvar tysdag kl. 18:00–20:00. BULder og Brak får nye medlemmer, og frå 1.1.2019 har vi starta opp ei eiga barnegruppe. Desse øver tysdagar kl. 17-18, medan BULder og Brak frå kl. 18-20

Desse har vore instruktørar i BULder og Brak i 2019: Anita Vika Langødegård, Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Jon Bugge Mariussen, Simon Hesselberg Løvald, Eirik Fuglesteg Luksengard, Snorre Kristiansen og Audun Grüner-Hegge  
Instruktør for TrøBUL har vore Ingeborg Solheim-Allen

### Øvingar i Leikarringen (tysdagar)

Øvingane våren og hausten 2019 vart haldne i Teatersalen i Rosenkrantz gate 8, kvar tysdag kl. 19:30–21:30. Vi har nytta oss av både våre eigne medlemmer samt eksterne som instruktørar, og hatt mange dyktige musikarar innom øvingane våre. Vi har vore mellom 8 og 78 stk på øvingane, med eit snitt på 31 stk.

Desse har vore **instruktørar** på tysdagsøvingane i 2019: Audun Grüner-Hegge, Vegar Vårdal, Solveig Brekke Hauknes, Marianne Dahl, Kirill Kotov, Bente Hjellum Syvertsen, Elisabeth Ellingsen, Bjørn Sverre Hol Haugen, Veslemøy Nordset, Simon Hesselberg Løvald, Silje Risdal Liahagen, Lene Magnussen, Jonny Haugen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Torill Schinstad, Karolina Odin Bolstad, Rita Sirirud Vatnehol, Aleksander Breiby Herseth

Desse har vore **musikarar** på tysdagsøvingane i 2019: Tuva Færden, Jon Hjellum Brodal, Elise Tegnér, Bjørn Kåre Bråten Odde, Tore Bolstad, Hilde Fjerdingsøy, Erik Sollid, Ingeborg Sommer, Helle Jansen, Tonje Lien Barkenæs, Stein Magne Eggen, Åsmund Fauske Jøtun, Rasmus Kjørstad og Østerdølenes Spelemannslag.

Tema for tysdagsøvingane har vore: Oppstart - styret hadde kvar sine bolkar innan runddans, Halling, pols, swing, 17. mai-øving, Finnskogspols, generell danseteknikk, Valdresspringar, Telespringar og Telegangar, menuett, listefyll, Hallingspringar, øving til Hundreleiksframsyning, folkeswing, festdans og Springdans.

I tillegg til desse øvingane har det og vert starta opp ei songdansgruppe med øvingstid frå 18.45-19.30 på tysdagar, før danseøvinga som starter direkte etterpå. Her har ei gruppe på ca. 10 personer møtt kvar gong, men det er rom for fleire.

Ellers har vi hatt både sommar- og juleavslutning, med noko dans, men med desto større fokus på sosialt samvere.

### **Dansekveldar**

Lønningspols 9. april kl. 19.30-21.30 - Steinsgårdskroken spelte opp til dansefest. Heile 28 ivrige polsdansarar møtte opp denne kvelden.

Lønningspols 8. oktober kl. 19.30-21.30 spelte Østerdølenes spelemannslag til dans i Teatersalen. Vi var 62 stk. som fylte dansegolvet denne kvelden.

### **Søndans/stildansar:**

Sjå eiga melding frå Søndansen i punkt. 3.

## **1.10 Framsyningar og deltaking**

### **17. mai**

I 2019 dansa heile 144 dansarar opp Karl Johans gate frå Egertorget til Slottet, med Vegar Vårdal og Solveig Brekke Hauknes som stødige danseleiarar. Tonje Lien Barkenæs og Stein Magne Eggen sto for musikken. I forkant av sjølve dagen hadde vi to øvingar der 17. mai var i fokus.

Om kvelden vart det tradisjonelle Brusteinsballet arrangert på Universitetsplassen. Vegar Vårdal leidde dansen frå scena med hjelp av dansarar frå Leikarringen. Vegar spelte også, saman med Bjørn Kåre Odde, Åsmund Reistad, Olav Christer Rossebø og Linn Andrea Fuglseth. Mange av Leikarringens medlemmer deltok i dansen.

Representantar frå Leikarringen dansa på Ensjøtunet om ettermiddagen.

Ei gruppe på 10 dansarar frå Leikarringen dansa for TV2 i Slottsparken tidleg på morgonen, og synte fram bunadar. Jon Brodal var med som musikal. Leikarringen var òg bidragsytar på Snapchat-kontoen FolkemusikkNoreg i morgontimane denne dagen.

### **Kappleikar**

Landskappleiken 2019 vart arrangert i slutten av juni, i Vågå. Der stilte Leikarringen i lagdans senior med heile to lag og BULder og Brak stilte i klassa lagdans junior. BULder og Brak fekk 1.plass i junior medan Leikarringen fekk 11. og 16.plass i seniorklassa.

Oslokappleiken vart arrangert 16. november på Riksscenen i Oslo der 18 dansarar frå Leikarringen deltok med eitt lag i lagdans senior. Dette laget fekk 1.plass. BULder og Brak deltok i lagdans junior der dei kom på 2.plass. I tillegg deltok BULder og Brak med eit lag i seniorklassa som kom på 2.plass.

Fleire av medlemmene våre deltok òg etter eige initiativ på både arrangementet, med pardans, spel med ulike instrumenter og i ulike klasser både på Landskappleiken og Oslokappleiken.

Leikarringen, BULder og Brak og TrøBUL deltok også på vår eigen Framsyningskappleik under Jubelleik 26. oktober på Det Norske Teatret.

### **Ungt leiarskap**

Leikarringen nominerte Neri Bakkjen og Ingeborg Solheim-Allen til det nasjonale prosjektet Ungt leiarskap skipa av Noregs Ungdomslag. Dei deltok på to samlingar der dei fekk utvikle seg som organisasjonsmenneske.

### **Kven Veit?**

Leikarringen deltok i kunnskapstevlinga "Kven veit", ei intern tevling mellom lokallag i Noregs Ungdomslag. Torbjørn Bergwitz Lauen var i år, som i fjor initiativtakar og lokal tevlingsleiar. Tevlinga gjekk over tre kveldar, og eit vekslende tal medlemmer (om lag 10 pers kvar gong) deltok, fordelt på to lag.

### **BULder og Brak**

I 2019 har BULder og Brak vore ei aktiv framsyningsgruppe. Gjennom året har gruppa hatt 7 betalte oppdrag, ei rekke mindre framsyningar på interne arrangement som Lønningspols og Framsyningskappleiken, men og eit samarbeid med Riksscenen gjennom NRK-prosjektet Sangfoni.

### **1.11 Utsendingar**

Landsmøte i Noregs Ungdomslag - Edvard Lauen

Årsmøte i BLS - Gunnvald Grønvik og Olav Kårevik

Årsmøte i Det Norske Teatret - Ruth Amdahl, Anne Cathrine Johansen, Øystein Gammersvik og Olav Kårevik



### **1.12 Dugnad**

Leikarringen vart førespurd av Noregs Ungdomslag om å stille med dugnadsfolk til landsmøtefesten 27. april, noko vi sjølv sagt svarta ja til. Det vart ein hyggelig kveld med dans og moro saman med dansarar frå heile landet.

### **1.13 Medlemer i Leikarringen med verv i andre sentrale posisjonar**

- Torbjørn Bergwitz Lauen sit som leiar i Noregs Ungdomslag.
- Øystein Gammersvik sit som leiar, Klas Ekeland, Anne Cathrine Johansen, Rune Bergwitz og Astrid Skrindo sit som styremedlemer i styret for Bondehytta.
- Gunnvald Grønvik er styremedlem og Anne Cathrine Johansen sit som 1. varamedlem i styret i Bondeungdomslaget.
- Karianne Johansen i Rådet i Bondeungdomslaget, medan Olav Kårevik er 2. varamedlem
- Solveig Brekke Hauknes er tilsett i Noregs Ungdomslag som folkedansrådgjevar
- Rita Sirirud Vatnehol er tilsett i Noregs Ungdomslag som kulturrådgjevar
- Rune Bergwitz er varamedlem i Styret i Norsk Barneblad
- Gunnvald Grønvik og Anne Cathrine Johansen er hhv. medlem og vara i Rådet i Norsk Barneblad

### **1.14 Jubileumsfeiring av ei Hundreåring**

I 2019 vart Leikarringen i BUL Oslo 100 år. Dette vert feira gjennom heile året med 8 sjølvstendige arrangement, frå 14. november 2018 til åremålsdagen 14. november 2019.

Ei eiga melding vert skriven på vegne av Hundreleiksnemnda med fokus på heile feiringa, og dei åtte arrangementa Sleppeleik, Storleik, Mimreleik, Hurraleik, Smålei, Hytteleik, Jubelleik og Åremålsleik.

Likevel vil vi her nemne at året har vore ei framifrå oppleving med mykje variasjon i aktivitetar, gamle og nye medlemer og erfaringar. Styret ser fram mot neste jubileum!

*Oslo, 20. februar 2020*

*For styret i Leikarringen,*

*Audun Grüner-Hegge (sign.)*

## **2. Melding frå Rådet i Leikarringen**

Rådet har etter årsmøtet i Leikarringen i 2019 hatt denne samansetjinga:

Karianne Johansen, Anne Cathrine Johansen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Lasse Pettersen og Rune H. Bjerke.

Rådet har ikkje hatt eigne møte etter årsmøtet i 2019. Rådet gjekk i 2018 inn i det praktiske arbeidet med å gjennomføre Hundreleik – Leikarringen sitt hundreårsjubileum i 2019 – i staden for berre å fungere som eit organ som styret skulle kunne konsultere. Denne løysinga var å forstå som mellombels, inntil jubileumstilskipingane var gjennomført.

Bærum, 26. januar 2020

For Rådet i Leikarringen

Rune Hernes Bjerke (sign.)

## **3. Melding frå Søndansen**

Søndansen har hatt 7 samkomer i 2019. Vi samlast tre timar om lag ein søndag i månaden. 25 medlemmer har vore med på øvingane dette året. Spelemann er fortsatt Hans Petter Holen og rettleiar Folke Flateland. Vi er nå i det 20. året med kontradans og balldansar. Gruppa starta opp i 1998 og arbeidde først med Draumkvedet.

Vi dansar som før mykje kontradans og balldansar frå det norske tilfanget, vi arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Det er med stor glede vi også tar i bruk det nye dansetilfanget som er rekonstruert og publisert dei seinare åra. Fleire frå Søndans-gruppa har vore med å gjere dette materialet tilgjengeleg. Vi legg også vekt på det sosiale med ein god prat til kaffien.

Søndansen er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til Søndansen som er omlag ein søndag i månaden. Vi øver no fast i Lagsrommet i Rosenkrantzgate.

Asker, 25. Januar 2020

Folke Flateland

## **4. Melding frå Bunadnemnda**

Bunadnemnda har i 2019 vore samansett av Sigrid Kjøbli, Åse W. Holen og Anne Cathrine Johansen. Det har ikkje vore stor aktivitet i året som har gått, men desse tinga har blitt gjort:

-Nemnda har vore tilgjengelege for råd og tips til bunadbruk i Leikarringen i samband med 17. mai og andre tilskipingar. Det blei lånt ut fleire bunadar til 17. mai.

-I samband med rydding og flytting av lagerrom bak Teatersalen deltok bunadnemnda, og vi kvitta oss med ein del gamle bøker.

-Teaterlaget fekk låne nokre av Fransesedraktene til framsyninga "Ei julesoge". Nemnda vurderer kva vi skal gjere vidare med desse draktene.

For bunadnemnda  
Anne Cathrine Johansen  
Oslo 29/2-20

## **5. Melding frå Hundreleiknemnda**

Melding frå Hundreleiksnemnda, 100-årsjubileet i eget vedlegg



**SONGLAGET**  
BUL I OSLO • 1914

**ÅRSMELDING FOR**  
**SONGLAGET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO**  
**2019**



Songlaget – jolekonserten 2019 (foto: Øystein Bagle-Tennebø)

**Medlemstal**

Totalt 36 betalende medlemmer saman med dei nyinnmelde og medlemmer i permisjon per 31.12.2019:

16 sopranar

10 altar

5 tenorar

4 bassar

Det er òg ein æresmedlem, Vera Madsø.

### **Dirigent**

Mari Eckhoff Tveito har vore fast tilsett dirigent i heile 2019. Ho har dirigert Songlaget på alle konsertane våre. Berre på éi øving har me hatt vikar, Sunniva Lien 26. september.



Dirigent Mari Eckhoff Tveito (foto: Øystein Bagle-Tennebø)

### **Styret**

Årsmøtet 28. februar 2019 valde dette styret:

Leiar: Asbjørn Gjerde Lund

Nestleiar: Åsta Bjerkestrand

Skrivar: Håvard Tangen

Kassastyrar: Kari K. Mostrum

Styremedlem: Audun Åby

Varamedlemene: 1. Trond Reitan, 2. Hilde Løwe og 3. Ole Johan Hildre

Trond Reitan døydde 19. september 2019.

### **Ymse ombod og nemnder**

Stemmeførarar:

Sopran: Kari Rysst Seemann og Gunvor Skiftun (varakvinne)

Alt: Anna Tori Aas Bjerkestrand og Kerstin Hellberg (varakvinne)

Tenor: Audun Åby og Olav-Johan Øye (varamann)

Bass: Erik Kokkin og Trond Reitan (varamann)

Blestnemnd: Anna Tori Aas Bjerkestrand, Oddrun Kristin Hansen og Runa Kvalsund

Festnemnd: Ole Johan Hildre, Jorun Gulbrandsen, Oddny Elise Uddu Ystad og Sigrid Bjørneng Sagen

Kaffinemnd: Trond Reitan og Karianne Johansen

Målnemnd: Olav-Johan Øye og Håvard Tangen

Noteforvaltar: Kari K. Mostraum

Ryddnemnd: Erik Kokkin og Marius Bakkehaug

Programnemnd: Ragna Betten, Erik Kokkin, Olav-Johan Øye og Ingrid Lamark

Valnemnd: Karianne Johansen, Anna Tori Aas Bjerkestrand og Gudrun Elisabeth Hagen

### **Utmerkingar**

Nils Norman Iversen fekk 25-årsmerke frå Korforbundet. Karianne Johansen og Audun Åby fekk merke for ti års medlemskap i Songlaget, og Ingrid Lamark, Oddny Elise Uddu Ystad, Kristine (Kikki) Aardalsbakke og Kari K. Mostraum fekk merke for eitt års medlemskap på årsfesten 26. januar på Nedre Blindern gård.

Merkedagar

70 år: Kari Rysst Seemann

60 år: Marit Buset

50 år: Åsta Bjerkestrand

30 år: Kari K. Mostraum

### **Seminar**

26. januar: Vinterseminar i Nynorskens hus, Oslo

25. mai: Vårseminar på Folkets hus, Elverum

31. august – 1. september: Haustseminar i Bygdelagshuset, Oslo

16. – 17. november: Joleseminar i Nynorskens hus, Oslo

## Medlemsmøte (SOL-timar)

Det vart halde årsmøte 28. februar.

SOL-timar har vore haldne 28. mars, 22. august og 17. november. Emna har vore planar for året, trivsel, ambisjonar, evaluering av konsertar og seminar, Fosse-jubileet, helgeseminar, opptak, song i butikk, jolekonsert, årsmøte, ny kortur og verving.

## Festar

Årsfesten var 26. januar og sumarfesten 1. september.

## Tur til Elverum 24. – 25. mai 2019

Songlaget var eit av sju kor som tevla om å framføra den beste songen på kulturhuset på Elverum rådhus 24. mai. Det var stor oppslutning i salen og god stemning under det sokalla Korslaget, og kvart kor fekk syngja tre songar. Juryen var dei frammøtte publikumarane. Me greidde tredjeplass med Vårsøg av Hyldbakk og Sommerro, og det må me seia oss godt nøgde med. Vertskapet var damekoret Leirets Damer, som var eit svært hyggjeleg og dugande vertskap for tilskipinga. Dei andre kora som var med, hørde heime på Elverum eller i nærområdet. Dagen etter, 25. mai, fekk me låna gratis lokale til korseminar på det gamle Folkets hus. Me fekk då god tid til å øva inn mykje av Auge i vind, som var spesialskrive til Songlaget av den tidlegare dirigenten vår, Liv Ulvik. Teksta var skriven av Jon Fosse.



## Generelt om arbeidet i nemndene

### Blestnemnda

Blestnemnda har i 2019 gjort ulike tiltak for å promotere koret og verve nye koristar:

- Trykt opp fleire visittkort og flygeblad med ny logo (det er framleis fleire att av desse)
- Skaffa ein gatebukk med plakatar som kan stå utanfor Nynorskens hus på torsdagsøvingane
- Oppdatert nettsider (<https://www.bul.no/songlaget/>)



- Brukt Facebook, både internsida og den offentlege sida, for arrangement og informasjon

Julekonsert 2019:

Blestnemnda brukte same designar og trykkeri som i fjor for plakat og program. Til neste år er det viktig å få fastsett tittel for konserten tidleg i semesteret, slik at plakaten kan bli ferdig i god tid.

Vi trykte opp 400 program, det vart i overkant mykje, då kyrkja viste seg å ha langt færre sitteplassar enn det vi hadde fått opplysning om.

Plakatar vart berre trykt i A4-format.

Lagskontoret kom på konsertdagen for å filme/ta lydopptak som kan brukast for seinare marknadsføring.

Rekneskap:

Blestnemnda har hatt følgjande utgifter i 2019:

- Trykking og levering av flygeblad og visittkort: 2200,00 kr
- Trykking og levering av program (400 eks.) og plakat (80 stk. A4) til julekonsert: 4150,00 kr
- Design av program og juleplakat: 5000,00 kr
- Fremjing på Facebook: 240,00 kr
- Gatebukk: 1343,80 kr



### Festnemnda

Årsfesten i 2019 vart halden 26. januar. Festen var hjå Nils Norman Iversen, og både staden og verten laga ei herleg ramme for ein triveleg fest.

Sumarfesten i 2019 vart utsett av di det var fleire andre arrangement på føresumaren, som reisa til Elverum og konserten på Frysja.



Difor var sumarfesten den 1. september. Festen kom seint, men godt, sidan me fekk vera hjå Nils Norman Iversen, som hadde gjort alt so hyggjeleg for oss.

Det har vore fleire mindre og spontane samkomer om hausten, men ingen fleire festar for alle, organiserte av festnemnda.

Når denne årsmeldinga er i emning, arbeider festnemnda med årsfesten i februar 2020.

Det kan vera ein god idé for 2020 å plotta inn datoar for korfestar i aktivitetsplanen.

### **Kaffinemnda**

Denne nemnda syter for god servering på kvar øving. Det vert sett opp kake- og fruktlister, og to og to songarar tek med seg noko å bita i på so å seia kvar øving. Servering i pausen er eit godt trivselstiltak i Songlaget.

### **Målnemnda**

Dei som treng hjelp til korrektur på nynorsk tekst, vender seg til målnemnda.

### **Noteforvaltar**

I 2019 har vi arbeidd med å få ei oversikt over kva vi sit på av notar og ikkje minst originalnotar. Vi har derfor samla inn originalnotar frå medlemene, og byrja på arbeidet med å gå gjennom heile arkivet. Her har vi sortert, kasta gamle kopiar, og ikkje minst loggført alle notar i eit excel-ark slik at vi på sikt vil ha ei fullstendig oversikt over kva vi har. Songlaget har veldig mykje notar, og frå bokstaven A til bokstaven C var det heile 82 (!) låtar. Dette er sjølv sagt eit arbeid som tar tid, og vi har ikkje klart å bli ferdig til årsmøtet. Vi håpar neste noteforvaltarar ynsker å fortsetje arbeidet. Hilde har også jobba mykje med å få orden på struktur i Dropbox, og har hatt ansvar for at notane vi arbeider i koret med, ligg inne digitalt også.

### **Programnemnda**

Programnemnda har hatt to–tre møte i 2019. Vi har planlagt program for julekonserten i desember 2019. Vi hadde også som mål å finna eit passande korverk som koret kunne starta å øva på i august 2019, og framføre 2020/2021.

Til julekonserten fann vi to små verk av dei unge norske komponistane Kim André Arnesen og Ola Gjeilo. Vi har ikkje funne eit passande stort korverk, og ønskjer å føra vidare dette arbeidet i 2020.

Vi har hatt eit godt samarbeid med dirigent Mari Eckhoff Tveito.

### **Ryddemnda**

Denne nemnda syter for at Teatersalen i Nynorskens hus ser fin ut etter kvar øving.

### **Valnemnda**

Nemnda arbeidde fram til årsmøtet 2020 med å finna kandidatar til nye tillitsvalde.

### **Konsertar og andre aktivitetar**

- |          |  |
|----------|--|
| 10. mars | Konsert ved gudsteneste i Slottskapellet |
| 21. mars | Konsert på St. Hanshaugen Omsorgssenter  |

- 11. mai Butikkonsertar i Heimen Husfliden i Glasmagasinet og Bøndenes Hus.
- 17. mai Konsert ved opninga av Brusteiinsballet på Universitetsplassen
- 24. mai Konsert på Korslaget på Elverum
- 12. juni Konsert på Heimen Husfliden i Glasmagasinet
- 22. juni Sumarkonsert på Kroloftet på Frysja
- 15. september Konsert ved gudsteneste i Domkirken i Oslo i samband med Jon Fosse-jubileet
- 15. september Framføring av Auge i vind i danseframsyninga «Minutt til solnedgang» i Nynorskens hus i samband med Jon Fosse-jubileet.



Songlaget syng Auge i vind, og dansarar frå Den Mangfaldige Scenen dansar (foto: Thor Hauknes).

- 27. september Songlaget song i bisetjinga til mangeårig medlem Trond Reitan i Grefsen kapell
- 14. november Konsert ved Åremålsleik, hundreårsjubileet til Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo



7. desember Butikkonsert hjå Backe i Grensen. Solistar: Kari Rysst Seemann (In the Bleak Midwinter) og Anna Tori Aas Bjerkestrand (Stille natt).
8. desember Jolekonsert i Gamle Aker kirke. Vegar Sandholt spela orgel, piano og klokkespel. Variert repertoar på nynorsk, dialekt, bokmål, dansk, engelsk, svensk og latin. Solistar: Kari Mostrøm (Inni hjarta/Eg veit i himmerik ei borg/I denne søte juletid), Runa Kvalsund (Inni hjarta/Eg veit i himmerik ei borg/I denne søte juletid), Mari Eckhoff Tveito (Inni hjarta/Eg veit i himmerik ei borg/I denne søte juletid), Gudrun Elisabeth Hagen (Stille natt), Ingrid Lamark (No lid det så at ho vender soli, Julemotet), Audun Åby (No lid det så at ho vender soli), Vilja Helle Bøyum (Sne), Kari Rysst Seemann (In the Bleak Midwinter), Anna Tori Aas Bjerkestrand (No høyr, de gode folk)





«Gærne jinter» på songoppdrag på Heimen Glasmagasinet (foto: Hege Andresen, Heimen Husfliden)

### **Generelt om styrearbeidet**

Styret har i 2019 redusert ambisjonsnivået sitt noko. Det kom av sjukdom i styret og færre hender til å gjera arbeidet. Det har vore elleve styremøte. Styret konstituerte seg 13. mars 2019 med nestleiar, skrivar og kassastyrar. Dirigenten har vore til stades på delar av nokre styremøte.

Mai og juni vart litt annleis enn tidlegare år. Det var ikkje arrangement i Teatersalen 17. mai, men Brusteiinsballett gjekk som vanleg. Sumarkonserten vart flytta utomhus til Kroloftet på Frysja. Målet var å møte publikum og potensielle nye kormedlemmer der dei er i den ljose tida.

«Song i butikk» er eit konsept som dekkjer fleire behov i koret. Songlaget treng pengar, nye songarar og erfaring med å syngja framfor publikum. Me har etter kvart fått eit godt samarbeid med Heimen og Backe i Grensen som kjem attende med oppdrag til koret, år etter år. Det er me i styret takksame for.

Då Trond vart sjuk i mai og måtte få fri frå koret, vart fleire funksjonar råka. Han heldt i Dropbox, han var i kaffinemnda, og han var ei god støtte i styrearbeidet. Styret måtte omgruppera seg og setja seg inn i det Trond kunne. Det var eit stort organisatorisk tap for Songlaget då Trond døydde i september.

Songlaget har hatt eit godt samarbeid med dei tilsette på lagskontoret i Bondeungdomslaget i perioden. Me er takksame for å få hjelp til å gjera lydopptak, ta bilete og spela inn video og marknadsføra Songlaget. Styremøta har som oftast vore haldne på det faste møterommet som lagskontoret rår over. Det har vore kalla inn til to særlagsleiarmøte som har vore veldig nyttige.

BUL har gjeve Songlaget ei ny e-postadresse. Heile Office-pakka er stilt til disposisjon. Styret ser at denne pakka kan brukast til mykje, men me har ikkje fått teke alt dette i bruk. Å samla dokument, notar, lydfiler og medlemer på same plattforma trur me vil gje ei betre brukarhandsaming for alle.

I 2019 har mange røynde songarar, spesielt sopranar, slutta. Samstundes kjem det nye songarar, både unge og gamle. Det er særst gildt. I samheng med julekonserten såg koret seg nøydd til å «låna» inn to bassar. Styret, medlemene og dirigenten har arbeidt aktivt med å rekruttera nye songarar. Styret ser ljust på 2020 og framtida.

Styret vil takka dirigent Mari Eckhoff Tveito for eit godt og hyggjeleg samarbeid i året som gjekk. Me har ein både blid og svært dugande dirigent i Mari.



## Minneord frå Songlaget

*Trond Reitan var i over 34 år ein aktiv, sentral og ikkje minst kjær medlem av Songlaget i BUL. Her dyrka han kjærleiken til kormusikk, fann gode vener og kjærleiken til si Karen Margrethe. I løpet av desse åra hadde han omtrent alle roller ein kan ha i eit kor, og avslutta karrieren som styremedlem og medlem av kaffinemnda. Denne siste er ei sentral trivselsnemnd med ansvar for forfriskingar i pausen. Trond var ein av få som ikkje sjølv drakk kaffi, men sette æra si i å bryggja han for oss andre. Kaffien var som Trond – varm og sterk.*

*I styret var det godt å ha Trond med. Han kjende historia til Songlaget godt, og kunne trekkja dei lange linene. Like fullt ivra han for digitalisering og la eit godt grunnlag for å få digitalisert notar og lydopptak for koret. Når det ein sjeldsynt gong var litt bølger, kunne han roa oss yngre ned med at dette hadde Songlaget opplevd tidlegare, og så delte han erfaringane sine, og bølgerne la seg.*

*Det blir sagt at det blir ikkje musikk utan trommer og bass. Trond song andre bass, og ingen kom så djupt som han. Han såg alle og brydde seg om alle, anten det var dei yngste eller dei eldste. Songlaget har mist ein av grunntonane og ein pilar. Me kjem til å sakna Tronds knusktørre vitsar på klingande verdalsmål, den sterke kaffien og den djupe, trygge tonen.*

*Asbjørn Gjerde Lund  
leiar i Songlaget*

## Repertoarliste 2019

A Nightingale Sang in Berkeley Square	Manning Sherwin / Eric Maschwitz, arr. Gene Puerling
Auge i vind	Liv Ulvik / Jon Fosse (skreven til Songlaget ved Fosse-jubileet 2019)
Blåklukkevikua	Finn Ludt / Alf Prøysen arr.: A.L. Sandegren
Blå salme	Erik Bye, arr.: Liv Ulvik
Bruremarsj	Jan Magne Førde
Bånsull fra Telemark/ Vuggetrall fra Østfold	Norsk folketone, arr. Liv Ulvik
Carol of the Bells	P.J. Wilhousky / M. Leontovich
Cradle Hymn	Kim André Arnesen
Dansesang	Zoltán Kodály / arr. Mari Eckhoff Tveito
Den første gang	Team Tuva arr. Mari Eckhoff Tveito
Det hev ei rose sprunge	Tysk folketone / F. Layriz, nyn. Peter Hognestad
Drikkevise	Trad., arr. Liv Ulvik
Fager er jordi	Tysk folketone / B.S. Ingemann, nyn. Gunnar T. Rysstad
Hurra for deg som fyller ditt år	Norsk folketone / Margrethe Munthe, nyn. Ottar Wiik
I denne søte juletid	Trad. melodi / Hans Adolph Brorson
I denne søte juletid / Inni hjarta mitt / Eg veit i himmerik ei borg	Arr. Mari Eckhoff Tveito
Inni hjarta mitt e du rosa	Norsk folketone (stev)
In the bleak Mid-winter	Gustav Holst / Christina Rossetti
Ja, vi elsker dette landet	Rikard Nordraak / Bjørnstjerne Bjørnson, arr. Kristian Wendelborg
Jul, jul, strålande jul	Gustaf Nordqvist / Edvard Evers
Julemotet	Eyvind Alnæs / nyn. Olav-Johan Øye
Klokker tonar ifrå sky	Trad. fransk melodi, G.R. Woodward, arr. Ch. Wood, nyn. A.L. Sandegren og J. Løvlie
Millom bakker og berg	Norsk folketone / Ivar Aasen
No høyr, de gode folk	Irsk trad./W.G. Flood, til norsk ved Stein Versto
No lid det så at ho vender soli	Norsk folketone (stev)
Northern Lights	Ola Gjeilo

O helga natt	Adolphe Adam / Placide Cappeau de Roquemaure, arr. Kraja v/ F. Johansson, til svensk ved Sionstøner
Ronja Røvardotter	Björn Isfält arr. Joel Nilson
Skal gamal venskap kverva bort?	Skotsk ballade / Robert Burns, nyn. Bjørn Tore André
Sne	Sigurd Lie, arr. Øistein Sommerfeldt
Stille natt	Franz Gruber / Josef Mohr, nyn. Erik Hillestad
Tolv dagar i jola	Engelsk/fransk trad. / til norsk ved Odd og Aasmund Nordstoga
Vårsøg	Henning Sommerro / Hans Hyldbakk

Oslo, 20. januar 2020

Asbjørn Gjerde Lund

Åsta Bjerkestrand

Håvard Tangen

Kari K. Mostrøm

Audun Åby

Hilde Løwe

Ole Johan Hildre



# Årsmelding for Teaterlaget i Bondeungdomslaget i Oslo 2019

## 1. Tillitsvalde i 2019

### 1.1 Styre

Etter årsmøtet i Teaterlaget i 2019 sit desse i styret:

Leiar: Endre Isachsen Flatmo (vald for eitt år)

Styremedlem: Lena Reksnes Sanne (ikkje på val)

Styremedlem: Aila Eckhoff Sinober (vald for to år)

Styremedlem: Maria Ellingsen Austbø (vald for to år)

Styremedlem: Mari Elise Haugen (vald for eitt år)

Varamedlem: Henri Aasen (vald for eitt år)

Varamedlem: Frøydis Dahlø (vald for eitt år)

### 1.2 Valnemnd

Margrethe Kollerud Overskott, Vivian Brattsti Sørensen og Kjell Åsmund Sunde er valnemnd fram til årsmøtet i 2020.

### 1.3 Styrearbeid

Styret har hatt regelmessige møte i 2019, i tillegg til kontinuerleg elektronisk kontakt.

Styrearbeidet har stort sett vore knytt til dei pågåande og kommande produksjonane, i tillegg til økonomisk og generell drift av Teaterlaget. Ein viktig del av arbeidet er å vera eit kommunikasjonsledd mellom instruktør og resten av Teaterlaget, og mellom lagskontoret og Teaterlaget. Styret har også hatt ansvar for bidrag frå Teaterlaget i samband med landsmøtet i Noregs Ungdomslag og markeringa av Leikarringens hundreårsjubileum.

## 2. Teaterlaget

### 2.1 Medlemstal og medlemskap

På slutten av 2019 hadde Teaterlaget 24 medlemmar.

### 2.2 Teaterlaget sin visjon

Teaterlaget ønsker å vera eit leiande, nynorskspråkleg amatørteaterlag i Oslo som er opent for alle, uavhengig av bakgrunn og erfaring.

## 2.3 Økonomi

Økonomien er i hovudsak knytt til Teaterlaget sine to årlege produksjonar. Produksjonar, og den generelle drifta av Teaterlaget, er finansierte av særlagsstønad frå Bondeungdomslaget i Oslo, medlemspengar, billett- og kaffisalsinntekter, dugnad og ekstern stønad.

Teaterlaget har dei to siste åra hatt overskot. Det er ikkje eit mål for Teaterlaget å bygga seg opp ein stor eigenkapital, men etter fleire år med tap har me hatt eit mål om å stabilisera økonomien.

Overskotet kjem av auke i billettsal, stønad frå Kulturrådet og at særlagsstøtta har auka for første gong på mange år.

Det økonomiske målet for produksjonane skal vera å gå i balanse, eventuelle overskot eller underskot blir overført/dekt av eigenkapitalen.

## 3. Aktivitet i 2019

Teaterlaget sin aktivitet består hovudsakleg av to årlege produksjonar og det sceniske og praktiske arbeidet rundt desse. Kwart halvår (i mars/november) har Teaterlaget eit fellesmøte der alle kan komma med innspel til neste produksjon som styret kan ta med seg vidare i arbeidet sitt.

### 3.1. Vårproduksjon 2019: *Jorda rundt på 80 dagar , Jules Verne*

Regi: Pia Louise Edvardsen
Manus: Bengt Ahlfors
Lys og teknikk: Jøran Normann
Lyd og skjerm: Pia Louise Edvardsen
Premiere: 8. juni.
Framsyningar: 9., 10., 12. og 14. juni
Tal på besøkande: 148

Våren 2019 sette Teaterlaget opp *Jorda rundt på 80 dagar* etter romanen til Jules Verne frå 1873.

Den britiske gentlemannen Phileas Fogg inngår eit veddemål om at det er mogleg å reisa jorda rundt på 80 dagar. Saman med tenaren sin, Passepartout, legg han ut på ei spektakulær reise gjennom Egypt, India, Amerika og ikkje minst ute på havet. Samstundes har nokon, truleg ein gentlemann, stole 20 000 pund frå Bank of England. To politimenn mistenker at Fogg er tjuven og vil setta ein stoppar for reisa hans.

#### **Skodespelarar:**

Phileas Fogg – Mari Elise Haugen  
Passepartout – Maria Ellingsen Austbø  
Fix – Vivian Brattsti Sørensen

Fax – Håvard Thorsby  
Aouda – Endre Flatmo  
Thomas Flanagan m.fl – Anne Cathrine Johansen  
Samuel Fallentin m. fl. – Silje Dahl  
John Sullivan m. fl. – Lena Reksnes Sanne  
Victoria – Aila Eckhoff Sinober  
Konsulen i Suez m. fl. – Amalie Dalaker  
Sir Francis Cromarty m. fl. – Henri Aasen  
Ein elefanteigar m. fl. – Frøydis Dahlø  
Opiumrøykar m. fl. – Torill Born  
Buffalo Bill/Andrew Speedy m. fl. – Emil Stenstad  
John Bunsby/dronning Victoria m. fl. – Heidi G. Einarsrud  
Dommar/fyrbøtar m. fl. – Terje Svindseth  
Pastor Samuel Wilson m. fl. – Ingrid Nyhagen  
Konduktør/magedansar m. fl. – Anita T. Wergeland-Jenssen

### 3.2 Haustproduksjon 2019: *Ei julesoge, Charles Dickens*

Regi: Truls Toftnes
Manus: Jorun Frøland
Omsetting til nynorsk: Teaterlaget
Lys: Jøran Normann
Lyd: Truls Toftnes og Henri Aasen
Songinstruksjon: Frøydis Dahlø
Premiere: 7. desember.
Framsyningar: 8., 9., 12. og 13. desember
Tal på besøkjande: 195

Natt til første juledag får Scrooge eit uventa besøk av gjenferdet til den tidlegare kompanjongen hans, Jakob Marley. Og det er ikkje akkurat lystige nyheiter han kjem med. I løpet av natta får han besøk av heile tre ånder, som alle vil prøva å redde Scrooge i frå ein lagnad verre enn brent svor på ribba og mjuke gåver.

I framsyninga bidrog også Teaterlaget med korsong. Frøydis Dahlø instruerte oss.

#### **Skodespelarar:**

Bedemannen, herr Fezziwig og gjest hos Fred - Terje Svindseth  
Vaskerikona og fløytespelar - Anne Cathrine Johansen  
Reingjeringskona og gjest hos Fred - Vivian Brattsti Sørensen  
Fillehandlaren og fru Fezziwig - Kari Aniksdal  
Ebenezer Scrooge - Håvard Thorsby  
Robert Cratchit - Kjell Åsmund Sunde  
Fred, Scrooge som barn og unge Scrooge - Fredrik Elfstrand

Fru Luton og Belinda Cratchit - Heidrun Sølva Øverby  
Frøken Marbleton og Martha Cratchit - Lena Reksnes Sanne  
Peter Cratchit, gjest hos Fred og julekor - Amalie Dalaker  
Jacob Marley, Rikard Wilkens, Framtidas juleånd og julekor - Emil Stenstad  
Fortidas juleånd, Armod, sladrekjerring og julekor - Mari Elise Haugen  
Bella, Kunnskapsløyse og julekor - Heidi G. Einarsrud  
Notidas juleånd, guten og julekor - Endre Flatmo  
Vesle Tim, fru Fred, sladrekjerring og julekor - Aila Eckhoff Sinober  
Fru Cratchit, gjest hos Fred og julekor - Maria Ellingsen Austbø

### **3.3 Anna aktivitet**

På landsmøtet i Noregs Ungdomslag 27.-28. april 2019 deltok Endre Flatmo, Mari Elise Haugen, Maria Ellingsen Austbø og Vivian Brattsti Sørensen frå BUL.

I samband med landsmøtet i Noregs Ungdomslag deltok medlemmar frå Teaterlaget med eit underhaldningsbidrag under landsmøtefesten.

Teaterlaget var med i kunnskapstevlinga «Kven veit», arrangert av Noregs Ungdomslag, og kom på førsteplass nasjonalt.

Under Leikarringen si hundreårsmarkering «Åremålsleik» 14. november bidrog Teaterlaget med eit innslag.

Medlemmar i Teaterlaget har også vore med på andre framsyningar og arrangement i Nynorskens Hus som Fosse-festivalen og «Ein dag i Nynorskens hus.»

Fleire av Teaterlaget sine medlemmar reiste til Edinburgh på Fringe-festivalen i august 2019 som i tidlegare år.

## **4. Representasjonar og andre verv**

### **4.1 Representasjonar**

**27.-28. april, Landsmøte i Noregs Ungdomslag:** Mari Elise Haugen, Endre Isachsen Flatmo, Maria Ellingsen Austbø og Vivian Brattsti Sørensen deltok på landsmøtet i Noregs Ungdomslag som utsendingar frå Bondeungdomslaget i Oslo.

**28.april, Årsmøte i Det norske teatret:** Endre Flatmo, Aila Eckhoff Sinober, Frøydis Dahlø og Mari Elise Haugen. I tillegg møtte Heidi G. Einarsrud, Vivian Brattsti Sørensen, Håvard Thorsby, Maria Ellingsen Austbø og Anne Cathrine Johansen som utsendingar for Bondeungdomslaget i Oslo.)

## 4.2 Andre verv

- Terje Svindseth: Leiar i Bondeungsomslaget i Oslo og organisatorisk nestleiar i NU. Varamedlem i målpolitisk råd.
- Heidrun Sølva Øverby: styremedlem i BUL Oslo
- Mari Elise Haugen: 1. varamedlem til Rådet, BUL Oslo,
- Maria Ellingsen Austbø: 2. varamedlem til styret til Noregs Ungdomslag, styremedlem i Norsk Barneblad og valnemnda i BUL Oslo. Varamedlem i målpolitisk råd.
- Anne Cathrine Johansen: 1. varamedlem til styret i BUL Oslo, bunadnemnda, styremedlem i bondehytta, rådsmedlem i Leikarringen og varamedlem i rådet i Norsk barneblad
- Heidi G. Einarsrud: 3. varamedlem til styret i BUL Oslo,
- Marie Nicolaisen: Målnemnda og varamedlem i målpolitisk råd.
- Vivian Brattsti Sørensen: Valnemnda i BUL Oslo

## 5. Takk

Teaterlaget ønsker å takka for eit godt samarbeid med Lagskontoret, og for all god hjelp. Takk til Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Kulturrådet og BUL Oslo for stønad til produksjonane i 2019.

# Årsmelding for målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo 2019

På årsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) våren 2019 vart Håvard Tangen, Marie Nicolaisen og Olav-Johan Øye valde inn i målnemnda til laget.

Arbeidet har først og fremst vore knytt til laget sine aktivitetar og samarbeidspartnarar. Vi samarbeider med andre lag og organisasjonar om ulike tiltak i Oslo, blant andre Fylkesmållaget Vikværingen.

Vi skulle gjerne hatt fleire med i nemnda, og fleire medspelarar i laget og forretningane, og dermed fått gjort meir. Men vi har også møtt mykje velvilje for målarbeidet.

## Målbruken i laget

Nynorsk vert framleis brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sidene til Bondeungdomslaget, Songlaget, Teaterlaget, Leikarringen og Nynorskens hus. Dette er av verdi for å ta vare på det nynorske språket i laget, og har noko å seie for å gjere nynorsken synleg i kulturarbeid i Oslo.

Målnemnda oppmodar særlega om å bruke nynorske tekster når stykke og repertoar vert valt, og i kommunikasjon elles. Nynorskens hus ser ut til å ha inspirert fleire av særlega i 2019.

## Målnemnda sitt arbeid for laget

Vi minner om at målnemnda kan vere til hjelp når det gjeld praktisk rådgjeving i laget. Vi kan tilby kurs der vi veit at vi kan få deltakarar etter å ha gjort konkrete avtalar med særleg og styre.

## Målbruken i forretningane

Vi er glade for at Hotell Bondeheimen og Kaffistova sluttar opp om nynorsken, men også i 2019 har det vore rom for betre målbruk, og at dei i større grad bør ta tak i dette. Målnemnda har ikkje hatt spesielle tiltak overfor forretningane i 2019.

## Tilskippingar i Nynorskens hus

Nynorskens hus evnar å samle interesse og ein god del merksemd, og trekkjer til seg mange interessentar. Det har vist seg å vere eit godt grep for å fremje nynorsk i laget og utåt.

I 2019 har særleg planlegging av «Ein dag i nynorskens hus» vore interessant, og dette tiltaket har vist seg å få stor oppslutnad.

## Målnemnda sitt arbeid i Nynorskens hus

Målnemnda har skipa til kulturtilskippingar i Nynorskens hus, for å fremje bruken av nynorsk språk i laget og i Oslo.

Nemnda skipa til kulturkveld om Alf Prøysen med trubadur Evald Fredholm 27. mars i Teatersalen. Tittelen var "Jinter je har møtt". Evald spela ulike instrument, song og kåserte om Prøysen. Det var god stemning i salen og om lag åtti frammøtte.

Nemnda skipa også til kulturkveld om språk med filolog Kristin Fridtun 18. september i Teatersalen, med tittelen var "Språket er ei bukse". Kristin har nyleg gjeve ut ei bok der Elverum-forfattaren tek føre seg metaforar i norsk målstrid. Med på møtet var òg spelemann Fredrik Hope, som spela slåttar frå Nordfjord. Diverre var frammøtet særst magert, då det kolliderte med ei anna måltilskipping.

## Andre tilskippingar og tiltak

Målnemnda vore medtilskipar på **Norsk målstemna** 2019, i Drammen og Mjøndalen, 28. september og på Litteraturhuset i Oslo 29. september.

Programmet i Drammen var ved Håvard Tangen, som fortalde om Per Sivle og livet hans ved Sivle-statuen ved Ypsilon-brua og ved grava til diktaren på Strømsgodset kyrkjegard. Alv Reidar Dale frå Sivle-laget las dikt, og det var dessutan allsong.

I Mjøndalen var det samkome heime hjå Randi og Anders O. Søyseth, med fin servering av betasuppe og is, og dertil var det føredrag om det gamle bygdemålet i Eiker, ein dialekt som Sivle høyrde då han budde i Nedre Buskerud. Sundagen var vigd til færøysk målreising og norsk stadnamngransking. Ole Jakob Totland og Jógvan Helge Gardar fortalde om far til det færøyske skriftmålet, Venceslaus Ulricus Hammershaimb, og vilkåra for færøysk mål frå 1800-talet fram til i dag. Botolv Helleland greidde ut om målkjempa Gustav Indrebø og boka hans Norsk namneverk.

Om lag 40 personar var med på målstemna. Dei andre laga som stod bak Norsk målstemna 2019, var Per Sivle-laget, Norsk Måldyrkingslag og Høgnorskringen.

16. oktober var målnemnda med og stødde opp om **Nynorsk motivasjonsdag** 2019 på Det Norske Teatret. Den dagen gjev inspirasjon til betre undervisning i nynorsk for lærarar i Oslo, Akershus og andre stader på det sentrale Austlandet. Om lag 80 deltakarar møtte opp.

Jens Kihl var ordstyrar, og det var fint innslag med Liv Hege Skagestad og ungdom frå Den Mangfaldige Scenen. Føredragshaldarane var Jens Haugan og Silje Nathalie Luvåsen frå Hamar, Elin Heggelund frå Kongsvinger, Ragnar Hovland frå Oslo og Ellinor Bergli Bustad frå Skaun i Sør-Trøndelag.

Tilskiparane var Fylkesmållaget Vikværingen, Bærum Mållag, Oslo Mållag og Noregs Lærarmållag.

#### **Andre tiltak**

Målnemnda har kjøpt inn adventskalenderar frå Noregs Mållag til tilsette i BUL og forretningane, og til nemnda sjølv.

#### **Verv**

Medlemmene i målnemnda har i 2018 hatt verv i målrørsla, Olav-Johan Øye som styremedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, og Håvard Tangen som kassestyrar i Fylkesmållaget Vikværingen, og som skrivar i styret i Songlaget i BUL.

#### **Visjon**

Målnemnda ønskjer å ta vare på den nynorske delen av kulturarven, og vil arbeide for å gje rom til nynorsk i Oslo og gjere det lettare å vere nynorskbrukar i hovudstaden. Vi ønskjer at det vert fleire nynorskbrukarar i Oslo.

Vi vil motivere til god nynorsk i Bondeungdomslaget sine forretningar og lagsarbeid, og samarbeide med nærskylde organisasjonar om nynorsk kulturarbeid.

For målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo

Olav-Johan Øye

5. februar 2018

## ÅRSMELDING FOR BONDEHYTTA 2019

Det største som har hendt på Bondehytta i år er bygging av ny toalett-løysning. I staden for den gamle ordninga med bøtter som måtte tømmast av dei som lånte hytta etter kvart besøk, blir det no to snurredassar med mykje større kapasitet, som kan tømmast på dugnad om lag ein gong i året. Vi håpar og trur at dette vil gjere det meir attraktivt å låne eller leige hytta. På grunn av arbeidet og at vi ikkje visste når dette kom i gang, har hytta vore stengt for utleige i haust. I skrivande stund (30. januar 2020) går arbeidet mot slutten, og vi håpar at alt er klart i løpet av februar månad.

På eit av soveromma har tre køyesenger blitt erstatta av to familiekøyer (dobbeltseng nede og enkeltseng oppe). Talet på soveplassar er det same, men rommet ser ryddigare ut med meir golv plass.

Det har også blitt kjøpt inn utstyr for «ring-hytta-varm» til veslestova. Det vil bli montert etter at elektrikar får montert ny stikkontakt.

I september slutta den elektriske vasspumpa å fungere og måtte difor bytast ut.

Det var to BUL-arrangement på hytta i 2019: Sommarfest med grilling i regi av hyttestyret i juni, og hytteleik i regi av Leikarringen i august.

Det har vore tre ordinære dugnadshelger i 2019, samt nokre dagsverk i samband med innkjøp av utstyr, bytte av vasspumpe og riving av dei gamle toalettbåsane.

Styret har i 2019 hatt desse medlemene:

Øystein Gammersvik (leiar)

Rune Bergwitz

Astrid Skrindo

Anne Cathrine Johansen

Klas Ekeland

30. januar 2019

For hyttestyret

Øystein Gammersvik



## Røkleivhytta Årsmelding 2019

Hyttestyret har vore samansett av Gudrunn Folkedal, Sveinung Helgheim, Olaf Almenningen og Tormod Bønes (leiar).

Som dei siste åra, har 2019 vore prega av stor utleigeaktivitet, først og fremst til organisasjonar utanfor BUL.

Vi har hatt over 630 gjester som har overnatta i 62 døgn, og over 1.100 gjestedøgn. Det seier seg sjølv at Hyttestyret har hatt det travelt når hytta skal synfarast etter kvar utleige. Men det har vore ei glede å erfara at i 2019 har leigetakarane vore eksemplariske med god opprydding etter seg.

Etter mange års vedlikehaldsetterslep på Røkleivhytta, både utvendig og innadørs, fekk Hyttestyret i 2017 ein tilstandsrapport frå firmaet Opak der det vart peika på både lovpålagde manglar og råd om oppgradering og vedlikehald.

Sjølv om vi ikkje har kunna følgd opp alle forslaga frå Opak i 2019 heller, er vi i mål når det gjeld prioriterte oppgåver som branntryggleik, alarmanlegg og total rehabilitering av det elektriske anlegget som også kan fjernstyrast.

Når det gjeld oppgradering av hytta elles, skal det først og fremst nemnast utskifting av tre vindauge for soveromma mot nord, vinterisolert kjellardør og nytt kjellarvindauga. Isolasjonseffekten er stor. Utskifting av innerdør, måling av trappegang blei også ferdigstilt i 2019. Vi har dessutan fått installert ny oppvaskmaskin til hytta, og ny sofagruppe til peisestova kjem på plass i februar.

Hyttestyret har i 2019 lukkast med å få til eit godt samarbeid med Bymiljøetaten når det gjeld utbetring av traktorvegen frå Hyttli til hytta. Vi har fått løyve til å fella tre og fylla steinmasse til dei myrkulpane som har vore problematiske å koma forbi med traktor og ATV. Hyttestyret har også fått god kontakt med mannskapet som drifrar Wyllerløypa, og dei har sagt seg villige til å køyra den steinmassen vi skulle ha behov for.

Det mest gledelege er at Transportavdelinga hos Bymiljøetaten har stilt seg til disposisjon med ATV for transport tyngre gods frå Sørkedalen til hytta! Det er såleis Bymiljøetaten som har stått for transporten av oppvaskmaskin, sofagruppe og all byggematerial vinteren 2019/2020.

For Hyttestyret Røkleivhytta

Tormod Bønes  
5. februar 2020